

**Utval:** Fylkestinget  
**Møtestad:** Grand hotel Terminus, Bergen  
**Dato:** 02.10.2018 kl. 11.00-17.00  
 03.10.2018 kl. 09.00-13.00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A
Siri Klokkestuen	Medlem	A møte 02.10.
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Emil Lennart Pålakoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Espen Berntsen	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Roald Kvamme	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Gro Berge	Medlem	A
Torgeir Toppe	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Gustav Bahus	Medlem	FRP
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H møte 02.10.
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H
Dan Stian Femoen	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	UAV
Beate Husa	Medlem	KRF
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG, 02.10 til kl.16.00
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Terje Kollbotn	Medlem	R
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Jon Askeland	Medlem	SP

Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV	
Anne Beth Njærheim	Medlem	V,	03.10 til kl.11.40
Geir Angeltveit	Medlem	V	

#### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Geir Kjell Andersland	Medlem	V

#### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Foseid Aakre	Mari Klokkestuen Kjellesvik	A
Shirin Kvernes Khadoor	Åse Gunn Husebø	A
Elizabeth Toft Erichsen	Geir Kjell Andersland	V
Jon Inge Torsvik	Inge Reidar Kallevåg	H, møtte 03.10
Janniche Bergesen Clarke	Siri Klokkestuen	A, møtte 03.10.
Janne Bjånes Bruarøy	Natalia Antonia Golis	MDG, møtte 02.10 frå kl.16.30
Øyvind Hardeland		A møtte 02. og 03.10.

#### Merknader

#### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Holm Svendsen	Kst.fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst.fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Målfrid Sønstebø	Kst.direktør Skyss
Hilde Joranger Mæland	Leiar Kommunikasjonsrådgiving
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar fylkessekretariatet
Silje Lyngstad	Rådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Berit Dianne Kilvær	Spesialkonsulent fylkessekretariatet

Anne Gine Hestetun

Rosalind Fosse

Tor André Ljosland

Sigrid Helene Aardal  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 75/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 76/18	Opning av fylkestinget		
PS 77/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 15/18	Kollektivstrategi Hordaland, Årsrapport 2017 - årsproduksjon for ruteproduksjon	2014/278	
RS 16/18	Evaluering av sykkel VM	2018/13346	
RS 17/18	Søknad om forsøk med delegering av mynde for forvaltning av utviklingsmidlar på folkebibliotekområdet	2018/11720	
RS 18/18	Framtidig byvekstavgift for Bergensområdet - Svar på fråsegn om involvering av kommunane	2018/12169	
RS 19/18	Svar på spørsmål knytt til framlegg av ny IT-strategi	2018/11165	
RS 20/18	Partsbrev - Juridisk betenkning frå Deloitte om habilitetsvurderingar ifm. deltaking i revisjonar	2014/23124	
RS 21/18	Tryggleiken på ferjene	2018/13542	
PS 78/18	Interpellasjonar/spørsmål		
FO 9/18	Interpellasjon - Natalia A. Golis (MDG) - Bærekraftig region	2018/14371	
FO 10/18	Interpellasjon - Alexander Fosse Andersen (SP) - byte av målform i den vidaregående skulen	2016/34193	
FO 11/18	Interpellasjon - Terje Kollbotn (R) - regionreforma	2015/1434	
FO 12/18	Skriftleg spørsmål - Siri Klokkestuen (A) - Snøggåten i Sunnhordland	2015/10633	
FO 13/18	Skriftleg spørsmål - Tor André Ljosland (Krf) - Innovasjon Norge og utlysing av stillingar	2018/14332	
FO 14/18	Skriftleg spørsmål - Beate Husa (Krf) - Regional plan for attraktive senter	2014/14561	
FO 15/18	Skriftleg spørsmål - Renate Møgster Klepvik (FRP) - Sunnhordlandsruta/Innfartsparkering på Hufthamar	2015/557	
FO 16/18	Skriftleg spørsmål - Terje Kollbotn (R) - Keolis Norge AS som driftar av bybanen	2018/14437	
FO 17/18	Skriftleg spørsmål - Øyvind Hardeland (A) - Veglys	2014/23823	
FO 18/18	Skriftleg spørsmål - Aud Karin Oen (SV) -Hordfast	2014/15115	
FO 19/18	Skriftleg spørsmål - Marthe Hammer (SV) - status for planlagte sykkelveggar i Bergen	2018/14520	
FO 20/18	Skriftleg spørsmål - Terje Kollbotn (R) - Varig flaumsikring av Opo-vassdrag i Odda	2017/465	
PS 79/18	Ymse		
PS 80/18	Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet - Revisjonsrapport	2017/17901	
PS 81/18	Finansrapport 2. tertial 2018	2014/927	
PS 82/18	Tertialrapport pr. april 2018 - rekneskapsprognose	2018/13695	
PS 83/18	Sal av ubebygd areal på Kronstad	2018/13846	
PS 84/18	Skakke - avtale om sal av seksjon	2014/11877	

PS 85/18	Sal av Garnesstølen 63 i Arna (tidl. Arna gymnas)	2014/581
PS 86/18	Nye Sotra vgs - tomteval	2014/11832
PS 87/18	Satsing for betre psykisk helse for elevane i vidaregåande skule - evaluering av Psykologteamet i Hordaland	2016/1917
PS 88/18	Revidering av vedtekter for styret for Fagskolen i Hordaland og fastsetting av kompensasjon	2015/11453
PS 89/18	Nytt val av medlemmer til styret for Fagskolen i Hordaland	2015/11453
PS 90/18	Retningslinjer for folkevalde som ønskjer å varsle om kritikkverdige tilhøve i Hordaland fylkeskommune	2014/19488
PS 91/18	Nytt fylkeshus - rom- og funksjonsprogram	2018/6103
PS 92/18	Kystpilegrimsleia over ei ein ny fase - utgreiing av fast organisering av Kystpilegrimsleia og avslutting som prosjekt - Løyving av kr 100.000 - Avtale med Nasjonalt Pilegrimssenter - Oppnemning av politisk representasjon til styringsgruppa	2014/11640
PS 93/18	Aksjonærinvitasjon til Hordfast AS - Organisering av store samferdselsprosjekt i Hordaland	2014/15115
PS 94/18	Selskapsavtale Vigo IKS	2015/7154
PS 95/18	Nyval til verv som medlem i fylkestinget og medlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling	2017/732
PS 96/18	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Ingrid Handeland	2017/732
PS 97/18	Søknad om permisjon frå verv i Hordaland fylkeskommune - Mari K. Kjellesvik	2017/732
PS 98/18	Søknad om fritak frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Ragnhild Hoff Eilertsen	2017/732
PS 99/18	Søknad om fritak frå verv som medlem i Omstillingsutvalet	2017/732
PS 100/18	Flytting av bomstasjon Miljøløftet	2018/11652

## **PS 76/18 Opning av fylkestinget**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.10.- 03.10. 2018**

#### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 77/18 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Fylkestinget - 02.- 03.10. 2018**

#### **Vedtak**

Referatsakene RS 15- 21/18 vart refererte.

## PS 78/18 Interpellasjonar/spørsmål

Saksprotokoll i Fylkestinget - 02.10.2018

FO 9/18 Interpellasjon - Natalia A. Golis (MDG) - Bærekraftig region

Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

Fylkesordførar svarte slik:

«Interpellasjon frå Natalia A. Golis, MDG, har to spørsmål:

1. Kva tenker fylkesordførar om ein tilnærming der FNs berekraftsmål og Parisavtalen gir føringar for arbeidet i Hordaland og for det nye Vestland ?
2. Kva tenkar fylkesordførar om at det blir bestilt ein berekraftsrapport for Hordaland og/eller Vestland slik at den kan brukast som eit sett indikatorar vi jobbe ut frå, inkludert budsjett ?

### Bakgrunn

FN sine berekraftsmål vise kva område man globalt skal setje inn innsats for å sikre ein meir bærekraftig utvikling innan 2020.

I regional planstrategi er berekraft alt eit heilt sentralt. Planen for 2016-2021 sitt langsiktige mål er at «Hordaland skal vera bærekraftig, attraktivt og nyskapande». Vår planstrategi definerer dette som at planlegging og forvaltning regionalt må finne løysningar som sikrar ein langsiktig balanse mellom økonomisk utvikling, sosial og kulturell utvikling og miljøtilstand.

Noverande rapport for utviklingstrekk for planstrategi 2016 – 2021 ga oversikt over status for dei tre berekraftområda.

### Spørsmål 1: Kva tenker fylkesordførar om ein tilnærming der FNs berekraftsmål og Parisavtalen gir føringar for arbeidet i Hordaland og for det nye Vestland?

FNs berekraftsmål og Parisavtalen legg alt i dag føringar for Regional Planstrategi og denne føringa vil og gjelde for arbeidet med regional planstrategi for det nye Vestland fylke. I dei statlege forventningsbrev for regional planlegging vert dette konkretisert. Føremålet med planlegging er å fremje bærekraftig utvikling. Bærekraftig utvikling vil vere sentralt for arbeidet også i det nye fylket.

FNs sine berekraftsmål er relevant bakgrunn for arbeidet med ny regional planstrategi.

### Spørsmål 2: Kva tenkar fylkesordførar om at det blir bestilt ein berekraftsrapport for Hordaland og/eller Vestland slik at den kan brukast som eit sett indikatorar vi jobbe ut frå, inkludert budsjett?

Eg ser det lite aktuelt å lage ein rapport for berre Hordaland fylke når vi no snart er Vestland fylke.

Indikatorar for utvikling frå FNs bærekraftsmål er relevante for rapportering av utvikling i Vestland fylke. Arbeidet med statistikk og utviklingstrekk for planstrategien for nye Vestland fylke innhaldt mye av den same informasjonen som Buskerud fylke sin berekraftsrapport. Vestland fylke kan med fordel samstille og summere indikatorar for FNs berekraftsmål inspirert av Buskerud fylkeskommune sin berekraftsrapport.

Arbeidet med resultatrapportering og indikatorar for planlegging og for budsjett bør sjåast i samanheng og ta utgangspunkt i prioriterte mål for Vestland fylke.

Fylkesordførar er positiv til at det i samband med bakgrunnsmateriale for Regional Planstrategi for Vestland fylkes blir utarbeida ein status for korleis utviklinga i Vestland er på FNs bærekraftsmål for eit utvalt sett av indikatorane.

Administrasjonen vil fortrinnsvis lage ei slik oversikt med dei data administrasjonen alt har, utan å bestille ekstern konsulentrapport. Det er ein fordel å bruke eigen kompetanse i størst mogleg grad i eit slikt arbeid. Regionalavdelinga har eit godt analysemiljø med god kompetanse.»

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget i Hordaland meiner at FNs bærekraftsmål bør vera overordna og førande i arbeidet fram mot og i det nye Vestland fylkeskommune.»

**Tom Sverre Tomren (Krf)** sette fram slikt forslag:

«HFK viser til Buskerud fylkeskommune sin bærekraftsrapport og finner den som et interessant innspill til metode når kartlegging, indikatorer, mål og visjoner skal utvikles for det nye vestlandsfylket. Fylkestinget ber fellesnemda ta med seg innspillet i det vidare arbeidet med strategi for vestlandsfylke»

Tomren trekte sitt forslag.

Fylkestinget tok stilling til om Golis sitt forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla forslaget.

### **Røysting**

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkestinget i Hordaland meiner at FNs bærekraftsmål bør vera overordna og førande i arbeidet fram mot og i det nye Vestland fylkeskommune.

## **FO 10/18 Interpellasjon - Alexander Fosse Andersen (SP) - byte av målform i den vidaregåande skulen**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Fylkesordføraren svarte slik:

«Alexander Fosse Andersen (SP) har i interpellasjon stilt spørsmål om byte av målform i den vidaregåande skulen. Fosse Andersen skriv at bakgrunnen for hans spørsmål er at elevane som byter målform mellom grunnskulen og vidaregåande, har vore diskutert i politiske organ i Hordaland ved fleire høve. Merksemda har særleg vore retta mot elevane som byter frå nynorsk til bokmål. Senterpartiet har vore og er uroa over målbytet frå nynorsk til bokmål i overgangen grunnskule/vidaregåande. Senterpartiet meiner det er viktig å få kunnskap om årsakene til dette målbytet. Som eit stort nynorskfylke er det viktig at Hordaland legg forholda til rette slik at ein sikrar eit levande og aktivt nynorsk skriftspråk i Hordaland, og her har skulen ei viktig rolle.

*Spørsmål 1 og 4: «Kva rutinar har ein i fylkeskommunen for å registrere målform og byte av målform i den vidaregåande skulen? Og i forlenging av dette: Kor mange nynorskelevar er det i den vidaregåande skulen i Hordaland inneverande skuleår?»*

Elevane i vidaregåande skule har rett til å velje målform sjølv. Skulane skal innan medio oktober registrere elevane si målform i det skuleadministrative systemet. Fylkeskommunen registrerer ikkje opplysingar om elevane gjer målbyte mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule. For å få mest mogleg korrekte tal vil fylkesordføraren kome attende til fylkestinget i desember med tal på kor mange elevane det er som har registrert nynorsk som målform på teljetidspunktet inneverande skuleår.

*Spørsmål 2 og 3: «Kva er status i dag for forskingsprosjektet på problemstillingar rundt målbyte i den vidaregåande skulen i Hordaland? Kva dialog og samarbeid har ein med aktuelle forskingsmiljø og eventuelt med Noregs Mållag for å innhente kunnskap om målbyte i den vidaregåande skulen?»*

I november 2016 sende fylkesdirektør opplæring eit skriv til Universitetet i Bergen (UiB) med melding om at fylkeskommunen er positiv til at det blir forska på bruk av nynorsk blant elevane i kommunane Sund, Øygarden, Fjell og Os. Denne tilbakemeldinga var eit svar på korleis fylkeskommunen stilte seg til eit konkret forskingsprosjekt som då var under planlegging. Desse kommunane rekrutterer i hovudsak elevar til Sotra vidaregåande skule, Os gymnas og Os vidaregåande skule. Det var difor naturleg å kople desse tre skulane til prosjektet.

Forskningsprosjektet skulle etter planen starte opp hausten 2017. Etter denne tid har forskningsprosjektet endra målgruppe og rettar seg no berre mot elevar i ungdomsskulen. Ved denne endringa av målgruppe for forskningsprosjektet har det ikkje vore naturleg med vidare dialog om temaet mellom forskingsmiljøet ved UiB og Hordaland fylkeskommune så langt. Fylkesordføraren vil likevel presisere at den noverande innretninga av forskning på problemstillingar knytt til målbyte ikkje står i vegen for å forske på ungdom i målgruppa for vidaregåande opplæring ved eit seinare høve. Dette er heilt i samsvar med synspunkt vi har fått frå Universitetet i Bergen, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier (LLE). Siste tilbakemelding frå LLE ved UiB september 2018 er lagt til nederst i dokumentet,

*Spørsmål 4:Kva tiltak gjer fylkeskommunen for å sikre at elevar har moglegheit til å halde på målforma dei har hatt i grunnskulen»*

Elevane har rett på lærebøker, både skriftlege og digitale, i den målforma dei har valt. Denne retten er heimla i Opplæringslova § 9-4 og dessutan i forskrift til opplæringslova kapittel 17, Elevens rett til læremiddel på eiga målform. Elevane vel sjølv kva målform dei vil ha lærebøkene i og kva som skal vere hovudmål ved skriftleg eksamen i norsk. På den digitale læringsplattforma NDLA vel også eleven sjølv målform.

Alle lærarar og andre tilsette i vidaregåande opplæring i Hordaland har plikt til å sikre rettane som elevar og lærlingar har etter lov og forskrift. Fylkeskommunen har ingen retningslinjer som seier at det er skulen si oppgåve å medverke til at ungdomen held fram med same målform (hovudmål) i vidaregåande opplæring som dei hadde i grunnskulen. Den mest konkrete rolla lærarar kan ha, er å samtale med ungdom om kva dei bør leggje vekt på om dei er i tvil. I kva grad dette arbeidet fører til at fleire held fram med nynorsk, er det vanskeleg å seie noko om. Også dette spørsmålet er interessant i forskingssamanheng. Prosessane er ofte kompliserte og handlar om kontinuitet eller oppbrot frå heimemiljøet, flytting frå bygd til by, kva medelevar vel og ein mogleg endra posisjon frå fleirtal til mindretal ved ein ny skule eller ei ny klasse.

#### **Tilbakemelding til fylkesdirektør opplæring frå LLE ved UiB, september 2018**

Nordiskmiljøet ved LLE, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, ser med velvilje og interesse på førespurnader om å gå nærmare inn på spørsmål som gjeld nynorsk blant skuleelevar i Hordaland. LLE er alt involvert i slike spørsmål.

LLE har i løpet av dei siste åra handtert ein konkret førespurnad frå Fjell kommune om eit språkstyrkingsprosjekt blant skuleelevar i Fjell kommune. Dette samarbeidet førte til prosjektet "Stolt av eige språk", som er forankra breitt i ungdomsskulane i Fjell kommune, og som etter prosjektfinansiering frå Språkrådet i dag vert finansiert av Fjell kommune, bl.a. ved ein prosjektkoordinator i prosentstilling. Universitetet i Bergen driv følgjeforskning, og har gjennomført ei digital spørjegransking om språkbruk blant alle ungdomsskuleelevene i kommunen. I tillegg har det vore gjort kvalitative forskningsintervju blant elevar. Granskinga er primært knytt til nynorsk, men òg til bokmål, dialekt og engelsk. Det er lagt vekt på språkbruk i ulike digitale medium, for å få meir innsikt i elevsyn på digitale tekstkulturar, og med bakgrunnsvariablar knytte til kjønn, foreldrebakgrunn, skulebakgrunn, framtidsutsikter og identitetskategorisering. Innsikter henta frå denne granskinga vil vere svært relevante for det nasjonale biletet av språkval og haldningar til bokmål og nynorsk på nasjonalt plan.

Prosjektet "Stolt av eige språk" er eit språkstyrkingsprosjekt som har vore presentert i mange ulike samanhengar i og utanfor Hordaland. I samarbeid med UiB vert det lagt til rette for ei nettside der lærarar og andre kan hente erfaringar frå prosjektet. Dette vil òg kunne vere relevant for vidaregåande skular

Etter mønster av granskinga i Fjell har prosjektleiaren ved UiB, professor Endre Brunstad, innleidd eit samarbeid med forskarar ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Stord og Sogndal, og ved Høgskulen i Volda, for å gjennomføre ei tilsvarande spørjegransking blant ungdomsskuleelevar på Stord, i Sogndal, i Volda og Ålesund. Lindås og Os kommune kan kome med seinare. Dette prosjektet er delfinansiert av UH-nett Vest, og spørjegranskingsdelen vert gjennomført hausten 2018. Alle forskarane er knytte til nordiskfaget og lærarutdanninga ved sine institusjonar, og skulane ein bruker, vert òg nytta i praksis i lærarutdanninga.

Forskinga indikerer at nynorskbrukarar i større grad enn bokmålsbrukarar må gjere aktive språkval, særleg mellom nynorsk, bokmål og dialekt. Desse språkvala vert gjorde i ulike kontekstar knytte til bl.a. domene, medium, sjanger og mottakar. Nokre går meir eller mindre permanent over frå nynorsk til bokmål, medan andre vekslar mellom nynorsk, dialekt og bokmål i ulike kontekstar. Det trengst meir kunnskap om kva som kjenneteiknar språkvekslinga, korleis ho artar seg, og kva som er dei underliggjande årsaksfaktorane. Likeins trengst det meir innsikt i kva rolle språkpolitikk og språkforvaltning kan spele dersom ein skal kunne styrkje vilkåra for at unge språkbrukarar i større grad skal kunne halde på nynorsken, og ikkje minst kva rolle skulen spelar. Her opnar det seg interessante moglegheiter for empiriske studiar og for teoretiske drøftingar, likeins for internasjonal komparasjon med andre mindretalsspråk.

Det har enno ikkje lukkast å få finansiering til å setje i gang eit tilsvarande prosjekt som gjeld vidaregåande skular i Hordaland. Dette handlar om at midlar til forskning i stor grad kjem frå eksterne kjelder. Det må likevel meldast om at det ved vårt institutt har kome ei masteroppgåve om målbyte blant elevar i tre kommunar i Hordaland: Voss, Odda og Fjell. (Thea Ildsøe, våren 2016.) UiB ser samtidig potensialet for konkret samarbeid på dette feltet, bl.a. gjennom ordninga med desentralisert kompetanseutvikling, dvs. midlar som Utdanningsdirektoratet rår over for å styrkje kvaliteten i skulen. Frå 2019 vil denne ordninga gjelde for fylkeskommunane. Det vil vere høgst aktuelt og relevant å ha eit kompetanseutviklingsprosjekt i samarbeid mellom UiB og vidaregåande skular knytt til nynorsk, både som hovudmål og sidemål. Vi håper at det i planlegginga av opplegg for desentralisert kompetanseutvikling vil vere opning for ein slik tematikk, og ser fram til å samarbeide med Hordaland fylkeskommune om det.

Beste helsing  
Endre Brunstad  
professor i nordisk språk/fagdidaktikk, UiB»

**Alexander Fosse Andersen (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget oppfordrar fylkesadministrasjonen til å halde oppe dialogen med Universitetet i Bergen om eit forskningsprosjekt på problemstillingar rundt målbyte i den vidaregåande skulen i Hordaland. Fylkestinget ber om tilbakemelding til utval for opplæring og helse.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla forslaget.

### **Røysting**

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkestinget oppfordrar fylkesadministrasjonen til å halde oppe dialogen med Universitetet i Bergen om eit forskningsprosjekt på problemstillingar rundt målbyte i den vidaregåande skulen i Hordaland. Fylkestinget ber om tilbakemelding til utval for opplæring og helse.

## **FO 11/18 Interpellasjon - Terje Kollbotn (R) - regionreforma**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10. 2018**

Fylkesordføraren svarte ut munnleg i møtet. Det er ikkje utforma eit skriftleg svar til denne interpellasjonen.



**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

1. Hordaland fylkesting tar endeleg stilling til om føresetnadene for samanslåingsvedtaket mellom Hordaland og Sogn og Fjordane er oppfylt, etter at Stortinget har slutthandsama saka om regionreforma og oppgåvemeldinga og konsekvensane for våre to fylke er avklara?
2. Hordaland fylkesting går inn for at saka blir lagt ut til innbyggjarane i ei rådgjevande folkerøysting i dei to fylka før fylkestinget tar endeleg stilling til eventuell samanslåing.

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

24 av representantane (H, Frp, Uav og Krf) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

## **FO 12/18 Skriftleg spørsmål - Siri Klokkestuen (A) - Snøggåten i Sunnhordland**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10. 2018**

Fylkesordføraren svarte slik:

«I sak til Fylkesutvalet 21 juni (PS195/2018) vart det gjort vedtak om eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om prosjektet Travel like the locals. Etter dette har også Rogaland gått inn i samarbeidet. Prosjektleiaren er ikkje tilsett enno.

Målet er å gjere det enkelt å reise kollektivt som turist. Det består i å sy saman populære reiserute i området og gjere det enkelt å bestille billett, med ein billett for heile reisa.

For å få klargjort rundreiser med kollektivtransporttilbodet i Hordaland for sal, må det gjerast ein jobb for å identifisere ruter der ledig kapasitet tilseier at eit ekstra sal ikkje vil være til ulempe for lokale, studentar og pendlarar. Ein må også lage ein billett for heile rundreisa, som er basert på vanleg pris for kvar del av reisa, pluss ein provisjon til seljar. Destinasjonsselskapa i Hordaland har sagt seg villige til å ta på seg arbeidet med å identifisere rundturar som vil være særleg attraktive for turistane og lage produktpresentasjonar av turane. Arbeidet har ikkje starta enda så vi veit ikkje kva for ruter som blir vald ut, men det er naturleg at snøggåten i Sunnhordland også blir vurdert.

For einsskilde av avgangane med Sunnhordlandsbåten har det vore problem knytt til kapasiteten. Det inneberer at eit eventuelt tilbod med Travel like the locals må vere basert på plassreservasjon og knytast opp mot avgangar der det er ledig kapasitet.

Ei særskilt marknadsføring av Sunnhordlandsruta som del av Travel like the locals må også vurderast opp mot kapasitet på dei einsskilde avgangane. Ei rein marknadsføring av ruta som eit reiselivsprodukt må ein sjå i samheng med dette, og med kva aktørar som ønsker å nytte ruta som del av eit større reiselivsprodukt.»

## **FO 13/18 Skriftleg spørsmål - Tor André Ljosland (Krf) - Innovasjon Norge og utlysning av stillingar**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Fylkesordføraren svarte slik:

«Som eit selskap eigd av det offentlege er hovudregelen at ledige stillingar skal lysast ut offentleg. Dette skal gjerast for å sikre reell konkurranse om ledige stillingar, breiast mogeleg rekruttering og ivaretaking av kvalifikasjonsprinsippet, og som fylkesordførar har eg ein forventning om at dette vert sikra av innovasjon Norge. Det vil eg og vidareformidle til leiinga i Innovasjon Norge.»

## **FO 14/18 Skriftleg spørsmål - Beate Husa (Krf) - Regional plan for attraktive senter**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10. 2018**

Fylkesordføreren svarte slik:

«1. Den regionale føresegna for handel i Hordaland, som ligg inne i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland», avløyste den nasjonale kjøpesenterføresegna i gjennom fylkestinget sitt vedtak av planen i 2014.

Føremålet med den rikspolitiske føresegna, som kom i 2008, var å leggje til rette for ein sterkare regional samordning av politikken for etablering og utviding av større kjøpesenter og styrking av by- og tettstadssentera, og at fylka skulle innarbeide den i sine planar. Den rikspolitiske føresegna for kjøpesenter hadde varigheit på 10 år og falt difor bort 1. juli i år. Regional føresegn for handel i Hordaland, som ligg inne i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» har varigheit på 10 år, til 10.12.2024, eller inntil den vert erstatta av kommunale føresegner.

I utarbeidinga av Regional plan for attraktive senter i Hordaland var det i fylkestinget politisk semje om å etablere ei regional føresegn for betre tilpassing og konkretisering til regionale tilhøve og behov. Den regionale planen er laga som eit styringsverktøy for regional utvikling, og er ein drivar for utviklinga av attraktive senter i heile fylket.

Dei statlege planretningslinjene for bustad-, areal-, og transportplanlegging har som mål at planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byer og tettstader, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet. Dei statlege retningslinjene, pkt. 4.2, seier at utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast for å oppnå effektive løysingar, redusert transportbehov og for leggje til rette for klima- og miljøvenlege transportformar. Vidare i pkt. 4.5 at det skal leggjast til rette for at handelsverksemd kan lokalisrast ut i frå ein regional heilskapsvurdering tilpassa senterstruktur og kollektivknutepunkt. Kommunal- og moderniseringsdepartementet understreker at den nasjonale politikken ligg fast og at dei statlege planretningslinjene tek i vare omsyna frå kjøpesenterføresegna.

Dei statlege planretningslinjene er i samsvar med mål i Regional plan for attraktive senter om at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Men dei nasjonale retningslinjene gjelder for planlegging i heile landet, og det er trekt fram at praktisering av retningslinjene må tilpassast regionale og lokale tilhøve. Regional føresegn er utforma for Hordaland og vert nytta konkret i enkeltsaker i fylket. Føresegna er juridisk bindande og gir føreseielege rammer for både kommunar og private tiltakshavarar om at lokaliseringsstad for handel er dei utpeika sentera. Satsing på senter og at regionsentera er gitt ei særleg rolle, vert følgt opp i nyare planar, som Regional transportplan, Regional areal- og transportplan for bergensområdet og den sist vedtekne Regional planstrategi. Regionale føresegner vert handsama av fylkeskommunen som samtykkemynde, alternativet er motsegnsinstituttet der også statlege instansar har motsegnsmynde.

Etter plan- og bygningslova er føresegner eit sterkare verkemiddel enn retningslinjer. Men regional føresegn for handel i Hordaland er i samsvar med nasjonale retningslinjer, og den er korkje meir liberal eller strengare enn nasjonal politikk.

2. Det er etablert regionale føresegner for handel i ti fylker. Føresegnene er i tråd med nasjonal politikk, men tilpassa regionale tilhøve og derfor ulike i alle fylka. Vi vil utarbeide eit notat med samanstilling av korleis dei ulike føresegnene styrer handel og legge dette fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling og Fylkesutvalet.»

## **FO 15/18 Skriftleg spørsmål - Renate Møgster Klepsvik (FRP) - Sunnhordlandsruta/Innfartsparkering på Hufthamar**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Fylkesordføreren svarte slik:

«1. Innfartsparkering på Hufthamar

Fylkesutvalet handsama sak om handlingsplan for innfartsparkering på møte 3. mai 2018. Det blei gjort følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet vedtek Handlingsplan for innfartsparkering 2018-2029 og meiner at planen gir eit godt grunnlag for vidare utvikling av innfartsparkeringstilbodet.
2. Fylkesutvalet meiner det er viktig at staten ved Jernbanedirektoratet/Bane NOR og Statens vegvesen også bidrar til ein offensiv utvikling av innfartsparkeringstilbodet på sine ansvarsområder.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at handlingsplanen for innfartsparkering vert følgd opp i arbeidet med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet og handlingsprogrammet for Miljøløftet.
4. Innfartsparkering skal liggje ved kollektivakse med god frekvens langs stamlinene, med ei god tilpassing til Skyss sin rutestruktur. Det er stort press på sentersonene i Bergen, og parkeringsplassar i sentersonene er ofte dyre parkeringsplassar. I første omgang vil ein prioritere innfartsparkeringsplassar i Arna. Innfartsparkering i Åsane må styrkast, men ein bør unngå innfartsparkeringsplassar i sentersona i Åsane, og andre sentersoner i Bergen.

I handlingsplanen står det følgjande om Hufthamar i tabellen under prioriterte tiltak: "Ein skal sjå på regulering/moglegheiter for utviding av etablert parkering ved ferje- og hurtigbåten og at ein i samarbeid med Statens vegvesen skal setje opp skilt." Fylkesrådmannen vil vurdere ei utviding av parkeringsplassen evnt regulering av bruken av parkeringsplassen i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. På kort sikt kan skilting som regulerer bruken vere mest aktuelt.

#### Kapasitet på Sunnhordlandsruta

Skyss fylgjer med på utviklinga i kapasitetsutfordringane på Sunnhordlandsruta. Etter sommarferien har det vore tre tilfelle der passasjerar står att på kaien på Flesland fredag ettermiddag. På ein av desse avgongane var det også mange attståande i Bergen. Sist fredag, 21.09., var det ikkje attståande.

Skyss har over tid vurdert ulike løysingar. I juni vart det gjort forsøk med å bruke lokalbåten i Austevoll til supplering frå Flesland. Erfaringane frå det var at lokalbåten har for liten kapasitet og har for lågt fartspotensiale. Samtidig må ein ta vekk avgangar lokalt i Austevoll for å gjennomføre denne løysinga. Det at suppleringsbåten vert forseinka grunna låg fart gir utfordringar både i høve logistikk på kai knytt til ombordstiging og vidarereise. På bakgrunn av dette ser ikkje Skyss grunnlag for å jobbe vidare med denne løysinga.

Når det gjeld eventuell omdirigering av «Rygerfonn» som går «Rosendal – Bergen» til å gå via Hufthamar, har ein ikkje vurdert dette som ei god løysing. Rosendalsruta har avgang Bergen og Flesland 20 minutt etter Sunnhordlandsruta, som i realiteten vil bety at ein kun løyser problemet for reisande til Austevoll medan reisande til Sunnhordland fortsatt risikerer å stå igjen på kaia. Vidare vil ein med ei slik løysing lage forseinkingar på minst 10 minutt for reisande til Malkenes og Rosendal. I Rosendal er det overgangsmoglegheiter med buss til både Husnes og Odda som har avgang samtidig med båten sin ankomst. Dette betyr at ei slik forseinking vil forplante seg vidare utover, eventuelt misser ein vidare reisemoglegheiter. På bakgrunn av dette ser ikkje Skyss grunnlag for å jobbe vidare med denne løysinga.

Skyss ser at det kan vere mogeleg å leige inn annan snøggbåt til å utføre supplering på aktuell avgang innanfor dei juridiske rammene kontrakten set. Dette ville løyse problemet utan at det går ut over anna tilbod/andre reiser, men vil samtidig ha ein meirkostnad. Skal dette tiltaket setjast i verk så må det skaffast økonomisk rom for det.

Sidan kapasiteten tidvis ikkje strekk til på denne ruta kan eit aktuelt tiltak no vere å leggja til rette for plassreservasjon. Tilbodet vert då meir føreseieleg for dei reisande. Skyss vil få dette utgreidd.»

## FO 16/18 Skriftleg spørsmål - Terje Kollbotn (R) - Keolis Norge AS som drifrar av bybanen

### Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

Fylkesordføraren svarte slik:

1. «Den nye Bybanekontrakten mellom Bybanen AS og Keolis Norge AS som gjeld frå 01.07.2019 er i same størrelsesorden som den eksisterande kontrakten mellom Hordaland Fylkeskommune og Keolis Norge AS. Men dei kan ikkje samanliknast direkte då den nye kontrakten har ein litt annan struktur enn den gamle kontrakten med hensyn til skalering av produksjonsvolum, mellom anna for å handtere utvidinga til Fyllingsdalen frå 2022. Kontrakten omhandlar også nye oppgåver som skal handterast av Keolis Norge AS. Dette gjeld for eksempel vognvedlikehald og avvising som medfører at sjølv kontraktssummen for Keolis Norge AS er høgare i den nye kontrakten. Ikkje desto mindre er det forventa at Hordaland Fylkeskommune sine samla kostnader for finansiering av drift av Bybanen i Bergen over dei komande 8 åra blir noko lågare enn om ein hadde halde fram med samme kontrakt som i dag.
2. Fire selskap deltok i anbudsprosessen om den nye Bybanekontrakten. Vi kan ikkje gje utfyllande opplysningar om dei tilbodne kontraktsprisane, men det kan opplysast at Keolis Norge AS på priskriteriet ikkje hadde det beste pristilbodet i relasjon til nummer to i konkurransen. Dei to øvrige tilboda var vesentleg dyrare. Pris talde 75% og kvalitet talde 25%.
3. Regulering av lønns- og arbeidsvilkår i den nye kontrakten er basert på det som er standard for Hordaland Fylkeskommune sine offentlege anskaffelsar av tenester. I den nye kontrakten som gjeld frå 30.06.2019 pkt. 3.2.2 heiter det «Operatøren skal sørge for at ansatte i egen organisasjon og ansatte hos eventuelle Underleverandører ikkje har dårligere lønns- og arbeidsforhold enn det som følger av gjeldende landsomfattende tariffavtale, eller det som er normalt for vedkommende yrke på stedet arbeidene utføres. Operatøren må forholde seg til arbeidstidsbestemmelsene slik de fremgår av Arbeidsmiljøloven.» Kontrakten set for øvrig krav om at Operatøren skal ha ein årleg arbeidsmiljøhandlingsplan med konkrete og evaluerbare tiltak, og plikt til å legge fram dokumentasjon som gjer Oppdragsgjevar i stand til å føre tilsyn med dei løns- og arbeidsvilkår som blir brukt. Brudd på krav om gjengs løns- og arbeidsvilkår er dagbotbelagt.»

## FO 17/18 Skriftleg spørsmål - Øyvind Hardeland (A) - Veglys

### Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

Fylkesordføraren svara slik:

«Som underlag til revisjon av strategi for drift og vedlikehald av fylkesveg i 2016 vart det utarbeida ein delrapport om veglysanlegg.

Summert opp i drifts- og vedlikehaldsstrategien står mellom anna følgjande:

«950 km av fylkesvegnettet har veglysanlegg, noko som inneber 16.600 lyspunkt. I tillegg kjem veglysa på bruene og i tunnelane som går over eigne kontraktar. LED er standard på alle nye veglysanlegg på fylkesveg. Dei siste åra er det gjort ein del utskiftingar og standardheving på lys, men sett under eitt så er det klårt at veglysanlegga på fylkesvegnettet har noko varierende standard. Særleg har god belysning rundt skulane vore prioritert ved oppgradering av anlegg, og i all hovudsak er det i dag bra belysning rundt skulane. Normalt er det ei auke på 2% i talet på veglys kvart år.»

Bergen kommune er i prosess med utskifting til LED lys og overtaking av eigaransvaret for veglysanlegg frå BKK til Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune repr. ved Vegseksjonen og Statens vegvesen har til no i 2018 hatt møte både med Bergen kommune og BKK for å få informasjon om prosessen i Bergen kommune og utveksle kunnskap og erfaring. I samarbeid med Statens vegvesen og BKK er det våren 2018 starta opp ei kartlegging for å få ei betre oversikt over veglysanlegga og ei tilstandsvurdering på veglys langs fylkesvegnettet i Hordaland.

Fylkesrådmannen har som mål å få ferdig kartlegginga i løpet av 2018. Som ein del av kartlegginga vil ein også få oversikt over kor mange kvikksølv armaturar som står att å skifte. SVV opplyser at ca. pris for utskifting per i dag er rekna til kr. 8000-9000 per armatur, men det er sikkert mogleg å få betre prisar ved innkjøp av større kvantum. Kvikksølvarmaturar er gått ut av produksjon og SVV opplyser at dei meiner at alle kvikksølvarmaturar uansett må skiftast ut innan maksimalt 10 år. SVV er i gang med å oppdatere utskiftingsplan.

Som ein del av kartlegginga vil fylkesrådmannen også sjå nærare på økonomisk overslag og innsparing ved overgang til LED lys for alle veglysanlegga i Hordaland. Når kartlegginga er ferdig vil dette meldast vidare til politisk nivå.»

#### **FO 18/18 Skriftleg spørsmål - Aud Karin Oen (SV) -Hordfast**

##### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10. 2018**

Fylkesordføraren svara slik:

«Fylkesutvalet handsama kommunedelplan for E39 Ådland – Svevatjørn i møte 23. februar 2017, jf. sak PS 28/2017. Vidare vart det ei tilleggshøyring for to nye alternativ til brukryssing over Bjørnafjorden, handsama av fylkesutvalet 31. mai 2018.

Etter det vi får opplyst av Statens Vegvesen, er dei kostnadsreducerande tiltaka i første rekkje knytt til arbeid med å optimalisere bruløysingane. Dette gjeld særleg bru over Bjørnafjorden, men delvis også for bru over Langenuen. Det vert arbeidd vidare med å avklare bruløysing, og det er varsla at Statens vegvesen vil ta stilling til bruløysing fram mot sommaren 2019. Flytting av ilandføring av bru frå Kobbavågen til Gullholmen på Ossida har også bidrege til å redusere kostnadene.

Kommunedelplanen blir laga som ein statleg plan. Det inneberer at det er staten ved Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har ansvar for å gjere vedtak av planen. Dette er enno ikkje gjort, men det er venta at vedtaket vert gjort - som representanten Oen nemner - i løpet av oktober 2018. Det er difor for tidleg å seie i kva grad planen vil ta opp i seg fylkestinget sine krav. Eg finn det ikkje rett å spekulere på kva vedtak og grunngjevingar departementet vil ha ved avgjerd i saka. Difor finn eg det vanskeleg å kommentere dei utfordringane og moglege kostnadsdrivande elementa som representanten Oen nemner i sitt spørsmål.

Når det gjeld bompengar for Hordfast, viser eg til ei eiga sak om førespurnad om aksjekjøp i Hordfast AS, som er oppe som sak i dette tingsetet.

Det er inga ankemoglegheit eller motsegnrett mot statlege planvedtak. Om vedteken plan kjem til å stride sterkt imot regionale interesser, er det sjølv sagt mogleg å ta dette opp med politisk nivå i departementet.

Det er oppretta ei referansegruppe for prosjektet der fylkesordførar deltek. Det vil vere naturleg å forsøke å finne fram til omforeinte løysingar her og gjennom eventuelle andre arenaer. Eg viser her igjen til sak om førespurnad om aksjekjøp i Hordfast AS der vi m.a. skal drøfte korleis vi skal organisere påverknadsarbeidet for store samferdselsprosjekt.

Etter at kommunedelplanen er vedteken, vert det formell oppstart av arbeidet med reguleringsplan for prosjektet. Fylkeskommunen vil følgje med på dette arbeidet. Det vil vere naturleg at det vert gitt ei orientering frå Statens Vegvesen til fylkespolitiske organ etter at planprosessen har kome noko lenger.»

#### **FO 19/18 Skriftleg spørsmål - Marthe Hammer (SV) - status for planlagte sykkelvegar i Bergen**

##### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Fylkesordføraren svara slik:

1. «Kor mange og kva for sykkelveggar i Bergen er ferdig regulert og planlagt på ein slik måte, at om ein skulle få ein ny situasjon ala finanskrisa, der ein plutselig fekk store ekstramidler til gang-sykkelveggar, så vil ein kunne sette igang og realisere desse umiddelbart?

Det er nå totalt 16. reguleringsplaner som er vedtatt eller under utarbeidelse i Bergen. Av de 16 planen er 2 vedtatte og kan igangsettes umiddelbart, 4 som er eller kommer til sluttbehandling i løpet av kort tid (2018), og 10 planer som ventes ferdigstilt og vedtatt i løpet av 2019/2020. Det pågår med andre ord for tiden en stor produksjon av formelle reguleringsplaner for gang- og sykkeltiltak i Bergen som kan igangsettes i de nærmeste årene om det skulle komme ekstraordinær finansiering. En del av listen under er finansiert over Miljøloftets portefølje, men det er en god del som ikke har avklart finansiering per i dag. I tillegg er det en del andre strekninger med gang- og sykkeltiltak som inngår offentlige områdereguleringsplaner og i reguleringsplan for Bybanen.

- Det foreligger per i dag 2 vedtatte reguleringsplaner for gang- og sykkeltiltak:
  - Fv. 582 Carl Konows gate/Fv. 280 Fyllingsvegen (finansiert i igangsettes vinter 2018/2019)
  - Fv. 197 Håkonshellavegen (bygging ikke finansiert)
- Vi har 4 reguleringsplaner som er til sluttbehandling, eller kommer til sluttbehandling innen kort tid (og kan igangsettes bygging av):
  - Fv. 557 Bjørgeveien, Sandeide – Lyderhornsveien
  - Sykkel E39 Osbanen, Nesttun - Skjold (Lagunen) (sluttbehandles oktober 2018, finansiert over Miljøloftet)
  - Sykkel E16 Arna Stasjon – Garnes
  - Sykkelstamveg E39, Minde Allé - Kanalveien nord, del av delstrekning 5 (bygges som del av Bybanen B4)
- I tillegg pågår det arbeid med utarbeidelse av reguleringsplan for følgende strekninger som ventes innsendt til 1. gangs behandling i 2018/2019 (med noen unntak), og ventes vedtatt i løpet av 2019/2020.
  - Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg – Paradis
  - Sykkel E39 Vossabane, Fjøsanger – Nesttun
  - Sykkel E39 NHH - Åsane, parsell Eidsvågskogen - Eidsvåg
  - E39 Kryssing Fjøsangerveien v/ Fabrikkgaten (forprosjekt, SVV avventer behandling i BK – trolig ikkje ferdig i 2019)
  - Fv. 267 Sykkelveg og kollektivfelt Åsamyrane, Hesthaugkrysset - Myrdal med tilkoblinger mot Nyborg for sykkel
  - Sykkelstamveg E39/rv 580, Skeie - Rådal, delstrekning 1
  - Fv 564 sykkelveg m/fortau langs Salhusvegen Ulsetstemma - kryss Slettestølvegen
  - Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg - Minde Allé
  - E39 Sykkel Fjøsangerkrysset (Nyhauglia) – Kristianborg
  - Fv. 585 Nattlandsveien, Mannsverk - Landåssvingen

2. På kva måte har ein tatt med seg erfaringane frå 2008-2009, og sikra at ein er betre førebudd i 2018 når det kjem til å planlegge og regulere sykkelveg?

Det pågår jamfør over en stor produksjon av reguleringsplaner for gang- og sykkeltiltak i Bergen i samsvar med sykkelstrategi for Bergen for 2010-2019. Om det kommer ekstraordinære midler som var aktuelt i 2008-2009 har man og vil om kort tid få en betydelig planreserve som kan sette i gang bygging av.»

## **FO 20/18 Skriftleg spørsmål - Terje Kollbotn (R) - Varig flaumsikring av Opo-vassdrag i Odda**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Fylkesordføreren svara slik:

«Hordaland Fylkeskommune har så langt ikkje fått saka på begrensa høyring frå OED, men i følgje opplysningar i Hardanger Folkeblad vil fylkeskommunen få den på begrensa høyring. Vi kjenner ikkje til kva som står i det varsla brevet frå OED og om det er nye moment dei ønsker uttale om.

I høve flaumsikring av Odda har Hordaland fylkeskommune i 2018 hatt to saker til politisk handsaming, begge høyringsfråsegner til NVE:

1. Konesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Opo flaumkraftverk i Odda kommune. Høyringsfråsegn. (KIRU 23.01.18 og FUV 01.02.18)
2. Flaumlukeløysing og generell flaumsikring av Opo i Odda kommune. Høyringsfråsegn. (KIRU 24.05.18 og FUV 31.05.18)
3. I tillegg har det vore oppe sak i FUV 21.06.18 der Hordaland fylkeskommune seier frå seg forkjørsretten til flaumkraftverket.

I utgangspunktet har ikkje administrasjonen nye opplysningar i saka og meir å tilføye. Det er soleis ei politisk vurdering kor stor vekt det har at Odda kommunestyre no ikkje ønskjer utbygging. Dette er meir ei politisk vurdering enn ei fagleg vurdering.

Eventuell ny politisk sak vil eg i utgangspunktet ikkje tilrå med mindre Fylkestinget gir signal om noko anna. Om Fylkestinget ønskjer ny politisk handsaming sak er det ikkje noko i vegen for det, sjølv om saka i utgangspunktet er ferdig handsama politisk.»

## **PS 79/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Til å skrive under møteboka saman med fylkesordføraren vart Rosalind Fosse, Frp og Tor Andre Ljosland, Krf valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skrive under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kunstnarleg innslag ved Den Nationale Scene fra forestillingen «Gitaristene», med Bjørn Willberg Andersen, Ameli Isungset Agbota, Monica Hjelle og Håkon Mo.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

### **ORDSKIFTET ETTER TALANE**

Etter talane var det ordskifte. 15 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiftet sette **Terje Kollbotn, R**, på vegne av R, SP, SV, Krf og A fram slikt forslag til fråsegn til statsministeren sitt kontor, Justis- og beredskapsdepartementet og Hordalandsbenken:

«MEIR MIDLAR TIL RAS- OG FLAUMSIKRING I STATSBUDSJETTET 2019!  
TIL REGJERING OG STORTING.

Dei siste åra har vi stadig oftare opplevd ras og flaum, både her i Hordaland, elles på Vestlandet g i resten av landet.

**Dokumentasjonen har aldri vore betre. Klimaendringane har aldri vore tydelegare. Talgrunnlaget har aldri vore meir solid. Ny teknologi har aldri vore meir tilgjengeleg.**

Dette har fått store samfunnsmessige konsekvensar, med stengde vegar og øydeleggjing av store verdiar. Mange innbyggjarar opplever stadig angst og frustrasjon. Eit ukjend tal arbeidsdagar og skuledagar er gått tapt. Sjuketransport og brann- og redningsberedskap blir stadig utfordra.

Det er på tide at regjeringa og Stortinget tar denne utviklinga på enno større alvor. Midlar til ras- og flaumsikringstiltak dei siste åra står ikkje i forhold behovet for snarlege og omfattande sikrings- og beredskapstiltak. Det er utarbeidd konkrete planar over heile landet. Alt i statsbudsjette 2019 må øyremerka midlar til ras- og flaumsikring auke monaleg. Samstundes må regjeringa og Stortinget utarbeide ein nasjonal, forpliktande plan for sikringstiltak og beredskap på dette feltet. Dette må prioriterast enno høgare enn nye, store samferdsleprosjekt. Liv og helse har førsteprioritet for Hordaland fylkesting.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla forslaget.

### Røysting

Det var 56 representantar til stades.

Kollbotn sitt forslag vart vedteke oversendt med 37 røyster (A, Krf, Sp, SV, R, V, Uav og MDG).

### Vedtak

**MEIR MIDLAR TIL RAS- OG FLAUMSIKRING I STATSBUDDSJETTET 2019!  
TIL REGJERING OG STORTING.**

Dei siste åra har vi stadig oftare opplevd ras og flaum, både her i Hordaland, elles på Vestlandet og i resten av landet.

**Dokumentasjonen har aldri vore betre. Klimaendringane har aldri vore tydlegare.  
Talgrunnet har aldri vore meir solid. Ny teknologi har aldri vore meir tilgjengeleg.**

Dette har fått store samfunnsmessige konsekvensar, med stengde vegar og øydeleggjing av store verdiar. Mange innbyggjarar opplever stadig angst og frustrasjon. Eit ukjend tal arbeidsdagar og skuledagar er gått tapt. Sjuketransport og brann- og redningsberedskap blir stadig utfordra.

Det er på tide at regjeringa og Stortinget tar denne utviklinga på enno større alvor. Midlar til ras- og flaumsikringstiltak dei siste åra står ikkje i forhold behovet for snarlege og omfattande sikrings- og beredskapstiltak. Det er utarbeidd konkrete planar over heile landet. Alt i statsbudsjette 2019 må øyremerka midlar til ras- og flaumsikring auke monaleg. Samstundes må regjeringa og Stortinget utarbeide ein nasjonal, forpliktande plan for sikringstiltak og beredskap på dette feltet. Dette må prioriterast enno høgare enn nye, store samferdsleprosjekt. Liv og helse har førsteprioritet for Hordaland fylkesting.»

I samband med ordskiftet sette **Beate Husa, Krf** på vegne av Krf og V fram slikt forslag til fråsegn:

#### **«Fylkestinget seier nei til utbygging av vindkraft i sårbare område!**

Inngrepa som må til for å etablere vindkraft på land vil i dei fleste tilfelle vera omfattande og skjemmande. Berre 12 prosent av landet vårt består av villmarksprega natur. Det ligg eit stort ansvar på oss i å sikre at framtidige generasjonar framleis kan få glede av store og gjennomgåande urørte naturområde.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) arbeidar for tida med kartlegging av område som kan egne seg for vindkraft. Vi meiner det er bortkasta å bruka ressursar på å analysere område i Hordaland som heilt openbart har så store natur- og friluftsverdiar at det aldri kan bli aktuelt å etablere vindkraftinnstallasjonar der. 80 prosent av friluftsområda i Hordaland fylke er kartlagt og verdsett. NVE bør bruke dette materialet til å trekke ut frå analysearbeidet verdfulle område som har så stor verdi at dei er uaktuelle for for vindkraft.

Hordaland Fylkesting forventar at planane for vindkraftutbygging i Stølsheimen (område 18) vert avvist når dei skal handsamast på politisk nivå i departement og Storting. Hordaland må ta vare på dei urørde naturområda me har att, og i alle høve ikkje øydeleggja eit av dei vakraste og mest sårbare områda.



Fylkestinget vil gje uttrykk for støtte til reiselivet, friluftsansjasjonar og naturvernansjasjonar som ber om at ein får på plass ein metode for å verdsette urørt natur. Vi kan ikkje lenger sette dette til kroner null.

Fylkestinget vil uttrykka uro for prosessane kring konsesjon for bygging av vindkraft. På dette området har kommunar og fylkeskommunar uttalerett, medan det er NVE som gjev løyve til bygging. Slike anlegg kan potensielt skape store inngrep, og dei bør difor være omfatta av reguleringsplikt.

Fylkestinget krev at nye vindkraftprosjekt må vurderast opp mot dei samla miljøkonsekvensane og samfunnsinteressene ei utbygging medfører. Difor må det utarbeidast ein heilskapleg plan for vindkraft, som må leggjast til grunn for utbygging i Norge. Den skal gje ei oversikt over miljøkonsekvensar for gjennomførte og nye prosjekter og kva konsekvenser dei samla sett vil få for naturmangfald, dyreliv og friluftsliv.

Ein heilskapleg plan for vindkraft må verta ein del av ein «Ny samla plan for vind- og vasskraft» slik at ein kan sjå dei samla miljøutfordringane i ein heilskap og ha gjennomgåande nasjonale retningslinjer for handtering av søknader.

Fylkestinget vil også be om at det vert stramma inn på praksis for handsaming av søknader om utsett frist for ikraftsetjing for vindkraftkonsesjonar. Urealiserte vindkraftkonsesjonar bandlegg areal i kommunane og vil kunne medverka til at lokale konflikter vert oppretthaldne.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

19 av representantane (H og Frp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning. Forslaget vert ikkje oversendt.

I samband med ordsiftet sette **Jon Askeland, Sp**, på vegne av alle partia i fylkestinget fram slikt forslag til fråsegn til finansdepartementet, samferdselsdepartementet, kommunal- og moderniseringsdeprtemntet og samferdselskomiteen på Stortinget:

#### **«Fylka treng auka drahjelp for å setja fart på overgangen til fossilfrie løysingar.**

Hordaland fylkeskommune har lenge vært føregangsfylke i overgangen til fossilfrie løysingar. Fylkestinget sine miljøkrav i buss- og ferjeamboda utløyser også storarta innovasjon i næringslivet, og det styrkjer Vestlandet sin verdslende posisjon i marin fossilfri teknologi.

Klimamessig monnar det mykje det Hordaland fylkeskommune gjer, når dei nye ferjekontraktane med nullutsleppsteknologi, og nye kollektivpakkar på land vert sette i drift, vil Hordaland fylkeskommune sine CO<sub>2</sub>-utslepp vera reduserte med 55% frå 2021 i høve 2017. Økonomisk sett vert fylkeskommunen ikkje tilstrekkelig kompensert for dette vesentlege bidraget til at Noreg oppnår måla i klimaforliket på Stortinget. Dette er i kke økonomisk bærekraftig og står i kontrast til vesentlig økonomisk premiering som innbyggjarane får ved td el- og hybridbilar.

Utval for miljø- og samferdsle i Hordaland Fylkeskommune har gitt uttale om at også fylkeskommunane må få betre økonomisk støtte for å gjera klimamessig nødvendige val. Statsministeren vår er ambassadør for FN sine berekraftmål, og Hordaland fylkeskommune har sett standarden for vellukka tiltak innan fylkeskommunal sektor.

Mot denne bakgrunn lanserer Hordaland fylkesting følgjande innspel til Regjeringa og Stortingshandsaminga av Statsbudsjettet:

***Det innføres eit statleg tilskot på 1000 kr pr. tonn CO<sub>2</sub> som fylkeskommunane kutter i kollektivtransporten til lands og på sjø. 2017 som fastsettes som basisår, og utbetaing skjer som årleg tilskot.***

Ei slik kompensasjon vil setja ytterligere fart på overgangen til fossilfrie løysningar!

## Argumenta for ordninga er

- 1) For låge rammer for økonomiske verkemidlar er den største barrieren for å kutta utslipp i kollektivsektoren, dette er det største hinderet for at fylkeskommunane skal kunne stille auka miljøkrav i kollektivanbod.
  - 2) Eit system for belønning knytt opp mot dei konkrete utsleppskutta er målretta og kjem dei fylkeskommunane som kuttar mest til gode.
  - 3) Det er i dag brei politisk vilje til å kutta utslepp i kollektivtrafikken. Ei belønningsordning pr tonn klimagassreduksjon er eit konkret målretta tiltak for å omsetja den politiske viljen til praktisk handling.
  - 4) Belønningsordninga vil gje utslippskutt i alle typar kollektivtrafikk som buss, båt og ferje.
  - 5) Belønningsordninga er naudsynt for at fylkeskommunane skal kunne setja miljøkrav i anbod.
  - 6) Belønningsordninga er viktig for å nå utsleppsmåla i NTP og Norge sitt mål om minst 40 % kutt i utslipp i ikkje-kvotepliktig sektor. Her er kutt i transportsektoren heilt avgjerande for å lukkast med våre internasjonale forpliktingar.
  - 7) Staten betalar meir enn 1000 kroner pr tonn CO2 for andre klimastøtteordningar og dette vil difor ikkje vera ei spesielt kostbar ordning. 1000 kr pr tonn CO2 vil ikkje dekkja hele kostnaden for fylkeskommunane men vil være avgjerande støtte for klimagasskutt.
- Allereie sagt i pkt.79) Utbetaling som årleg tilskot. Når nullutslepp/lågutslepp-teknologi får prisnivå som ligg lågare enn fossil framdriftsteknologi kan belønningsordninga fasast ut.
- 10) Dagens ENOVA-støtte på inntil 40 % av fylkeskommunen sine utgifter til ladeinfrastruktur er ikkje tilstrekkeleg.
  - 11) Ei slik belønningsordning vil vera eit viktig bidrag til å løysa den økonomiske utfordringa og potensielle rutekutt Hordaland Fylkeskommune har fått ved å vera klimaspydspiss ved å elektrifisere alle 21 fylkesvegferjene. Når ferje anboda får full effekt vil ordninga gi Hordaland Fylkeskommune 52 millionar for kutta i ferjesektoren. I tillegg vil få eit noko mindre men aukande beløp for kutt i busssektoren. (i figuren under frå Klimabudsjettet 2019 er det rekna 50% reduksjon ved bruk av miljøsertifisert biodiesel og full reduksjon ved bruk av strøm og biogass). Figuren er frå utkastet til klimabudsjett i fylkesbudsjettet 2019. Om vi får bussanbod etter Temaplan for lågutslepp og nullutslepp-teknologi får vi 55 % klimagasskutt i 4-årsperioden.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandla forslaget.

## Røysting

Det var 56 representantar til stades.

## Vedtak

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Fylka treng auka drahjelp for å setja fart på overgangen til fossilfrie løysingar.

Hordaland fylkeskommune har lenge vært føregangsfylke i overgangen til fossilfrie løysingar. Fylkestinget sine miljøkrav i buss- og ferje anboda utløyser også storarta innovasjon i næringslivet, og det styrkjer Vestlandet sin verdslaiende posisjon i marin fossilfri teknologi.

Klimamessig monnar det mykje det Hordaland fylkeskommune gjer, når dei nye ferjekontraktane med nullutsleppsteknologi, og nye kollektivpakkar på land vert sette i drift, vil Hordaland fylkeskommune sine CO2-utslepp vera reduserte med 55% frå 2021 i høve 2017. Økonomisk sett vert fylkeskommunen ikkje tilstrekkelig kompensert for dette vesentlege bidraget til at Noreg oppnår måla i klimaforliket på Stortinget. Dette er i kke økonomisk bærekraftig og står i kontrast til vesentlig økonomisk premiering som innbyggjarane får ved td el- og hybridbilar.

Utval for miljø- og samferdsle i Hordaland Fylkeskommune har gitt uttale om at også fylkeskommunane må få betre økonomisk støtte for å gjera klimamessig nødvendige val. Statsministeren vår er ambassadør for FN sine berekraftmål, og Hordaland fylkeskommune har sett standarden for vellukka tiltak innan fylkeskommunal sektor.

Mot denne bakgrunn lanserer Hordaland fylkesting følgjande innspel til Regjeringa og Stortingshandsaminga av Statsbudsjettet:

***Det innføres eit statleg tilskot på 1000 kr pr. tonn CO2 som fylkeskommunane kutter i kollektivtransporten til lands og på sjø. 2017 som fastsettes som basisår, og utbetaing skjer som årleg tilskot.***

Ei slik kompensasjon vil setja ytterligere fart på overgangen til fossilfrie løysningar!

### **Argumenta for ordninga er**

- 1) For låge rammer for økonomiske verkemidlar er den største barrieren for å kutta utslipp i kollektivsektoren, dette er det største hinderet for at fylkeskommunane skal kunne stille auka miljøkrav i kollektivanbod.
- 2) Eit system for belønning knytt opp mot dei konkrete utsleppskutta er målretta og kjem dei fylkeskommunane som kuttar mest til gode.
- 3) Det er i dag brei politisk vilje til å kutta utslipp i kollektivtrafikken. Ei belønningsordning pr tonn klimagassreduksjon er eit konkret målretta tiltak for å omsetja den politiske viljen til praktisk handling.
- 4) Belønningsordninga vil gje utslippskutt i alle typar kollektivtrafikk som buss, båt og ferje.
- 5) Belønningsordninga er naudsynt for at fylkeskommunane skal kunne setja miljøkrav i anbod.
- 6) Belønningsordninga er viktig for å nå utsleppsmåla i NTP og Norge sitt mål om minst 40 % kutt i utslipp i ikkje-kvotepliktig sektor. Her er kutt i transportsektoren heilt avgjerande for å lukkast med våre internasjonale forpliktingar.
- 7) Staten betalar meir enn 1000 kroner pr tonn CO2 for andre klimastøtteordningar og dette vil difor ikkje vera ei spesielt kostbar ordning. 1000 kr pr tonn CO2 vil ikkje dekkja hele kostnaden for fylkeskommunane men vil være avgjerande støtte for klimagasskutt.

Allereie sagt i pkt.79) Utbetaling som årleg tilskot. Når nullutslepp/lågutsleppsteknologi får prisnivå som ligg lågare enn fossil framdriftsteknologi kan belønningsordninga fasast ut.

- 10) Dagens ENOVA-støtte på inntil 40 % av fylkeskommunen sine utgifter til ladeinfrastruktur er ikkje tilstrekkeleg.
- 11) Ei slik belønningsordning vil vera eit viktig bidrag til å løysa den økonomiske utfordringa og potensielle rutekutt Hordaland Fylkeskommune har fått ved å vera klimaspydspiss ved å elektrifisere alle 21 fylkesvegferjene. Når ferje anboda får full effekt vil ordninga gi Hordaland Fylkeskommune 52 millionar for kutta i ferjesektoren. I tillegg vil få eit noko mindre men aukande beløp for kutt i busssektoren. (i figuren under frå Klimabudsjettet 2019 er det rekna 50% reduksjon ved bruk av miljøsertifisert biodiesel og full reduksjon ved bruk av strøm og

biogass). Figuren er frå utkastet til klimabudsjett i fylkesbudsjettet 2019. Om vi får bussenbud etter Temaplan for lågutslepp og nullutslepp-teknologi får vi 55 % klimagasskutt i 4-årsperioden.

## **ORIENTERINGAR**

Presentasjon av Ungdommens fylkesutval.

Presentasjon i samband med årets TV-aksjonen NRK 2018 som går til Kirkens Bymisjon v/ Line Berggren Jacobsen.

Presentasjon av Idrettscampus Bergen, ved dagleg leiar Randi Marie Berntsen og leiar for Energisenter for barn og unge på Haukeland universitetssjukehus Torhild Næss Vedeler.

Presentasjon av Folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune, ved seksjonsleiar seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling Mette Nora Sætre.

Presentasjon ved Deloitte v/lver Fiksdal i samband med PS 80/18 - Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet for fylkestinget

## **PS 80/18 Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
3. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
4. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet
5. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
6. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
7. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.08.2018**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor, Birte Bjørkelo, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan beredskap på vegsektoren og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har merka seg fylkesrådmannen sin merknad om manglande avklaring frå Samferdselsdepartementet om kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap. Fylkestinget bør be fylkesrådmannen ta dette opp med departementet. Det var semje om å legge dette inn som nytt punkt 2 i innstillinga.

Kontrollutvalet meiner at fylkesrådmannen bør informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser. Det vart semje om å legge dette inn som nytt punkt 9 i innstillinga.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presenter forvaltingsrevisjon innan beredskap på vegnettet for fylkestinget 3. – 4.10.18.

Med tillegg av nye punkt 2 og 9 vart slik innstilling samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.-03.10.2018**

#### **Røysting**

Innstillinga til fylkestinget vart samrøystes vedteken

#### **Vedtak**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet.
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.

9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringer i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## PS 81/18 Finansrapport 2. tertial 2018

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2018 til orientering.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018

#### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2018 til orientering.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

#### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2018 til orientering.

## PS 82/18 Tertialrapport pr. april 2018 - rekneskapsprognose

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2018 vert endra slik:
  - a) Drift: Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) Investering:

				Meirutg./	Mindreutg./
Art	Stad	Prosjekt	Tekst	mindreinnt.	meirinnt.
02300	778 020 00	01999	Tannklinikkar, lokale/ bygg		6 000
02000	500 300 00	08050	Tannhelse, utstyr	6 000	
02300	300 270 00	00013	Terminalbygg, Kollektiv		4 000
02382	300 270 00	00002	Bussanlegg, Askøy		4 000
02351	300 420 00	07602	Bømlopakken	9 300	

09100 790 100 00	09981	Lån	52 200	
09400 790 100 00	09981	Bruk av disp.fond (oversk. 2017)		53 500
			67 500	67 500

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2018 vert endra slik:
  - a) : Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) : Drift Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	778 020 00	01999	Tannklinikkar, lokale/ bygg		6 000
02000	500 300 00	08050	Tannhelse, utstyr	6 000	
02300	300 270 00	00013	Terminalbygg, Kollektiv		4 000
02382	300 270 00	00002	Bussanlegg, Askøy		4 000
02351	300 420 00	07602	Bømlopakken	9 300	
09100	790 100 00	09981	Lån	52 200	
09400	790 100 00	09981	Bruk av disp.fond (oversk. 2017)		53 500
				67 500	67 500

### Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

#### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2018 vert endra slik:
  - a) Drift: Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	778 020 00	01999	Tannklinikkar, lokale/ bygg		6 000
02000	500 300 00	08050	Tannhelse, utstyr	6 000	

02300	300 270 00	00013	Terminalbygg, Kollektiv		4 000
02382	300 270 00	00002	Bussanlegg, Askøy		4 000
02351	300 420 00	07602	Bømlopakken	9 300	
09100	790 100 00	09981	Lån	52 200	
09400	790 100 00	09981	Bruk av disp.fond (oversk. 2017)		53 500
				67 500	67 500

## **PS 83/18 Sal av ubebygd areal på Kronstad**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Andr Olsen AS

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Andr Olsen AS

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Mona Røsvik Strømme (H) og Tor André Ljosland (Krf) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er styremedlem i Bybanen AS.

Kari Foseid Aakre (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er varamedlem til styret til Bybanen AS.

Røsvik Strømme, Ljosland og Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme og Tor André Ljosland var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e), og at Kari Foseid Aakre ikkje var inhabil.

Kari Foseid Aakre tiltredde behandlinga.

Mona Røsvik Strømme og Tor André Ljosland gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 55 representantar til stades.

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt mellom Hordaland fylkeskommune og Andr Olsen AS

## **PS 84/18 Skakke - avtale om sal av seksjon**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner at eigardel i Skakkesenteret blir selt til Etne kommune etter vilkåra i vedlagt avtale.



2. Fylkeskommunen gjev fylkesrådmannen fullmakt til å godkjenne mindre endringar av ikkje prinsipiell karakter i avtalen.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner at eigardel i Skakkesenteret blir selt til Etne kommune etter vilkåra i vedlagt avtale.
2. Fylkeskommunen gjev fylkesrådmannen fullmakt til å godkjenne mindre endringar av ikkje prinsipiell karakter i avtalen.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Siri Klokkestuen (A) stilte spørsmål om ho var inhabil. Klokkestuen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Klokkestuen var inhabil etter fvl. § 6,2.ledd.

Klokkestuen gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 55 representantar til stades.

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner at eigardel i Skakkesenteret blir selt til Etne kommune etter vilkåra i vedlagt avtale.
2. Fylkeskommunen gjev fylkesrådmannen fullmakt til å godkjenne mindre endringar av ikkje prinsipiell karakter i avtalen.

### **PS 85/18 Sal av Garnesstølen 63 i Arna (tidl. Arna gymnas)**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner sal av Garnesstølen 63 i Arna.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 19 mill.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner sal av Garnesstølen 63 i Arna.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 19 mill.

3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Det var 56 representantar til stades.

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget godkjenner sal av Garnesstølen 63 i Arna.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 19 mill.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

### **PS 86/18 Nye Sotra vgs - tomteval**

#### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å framforhandle avtale med Fjell kommune om kjøp av tomt 45 - *Stovevatnet* som tomt for Nye Sotra vidaregåande skule.
2. Framforhandla avtale vil bli lagt fram for fylkestinget for godkjenning.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 04.09.2018**

**Dan Femoen (H)** sette fram slikt forslag:

«Det er viktig at Nye Sotra vgs blir bygget så raskt som mulig. En utsettelse av prosjektet vil være svært uheldig. Ved å gå for tomt 41 Bildetangen, vil prosjektet starte raskt opp. Tomt 41 vil også være det beste økonomiske alternativet. I tillegg vil det bidra til å realisere et kunnskapskvartal, der skole, næringsliv og forskning samles. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forhandlinger om tomt 41 med Fjell kommune.»

**Rosalind Fosse (FrP)** sette fram slikt forslag:

«Utvalget tar rådmannens innstilling til etterretning og gir støtte til å inngå forhandlinger med Fjell kommune for tomt 45.

Finner rådmannen grunnlag for å forhandle vidare med tomt 41, gir utvalget fylkesrådmannen tilslutning til dette.»

#### **Røysting**

Dan Femoen sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Rosalind Fosse sitt forslag fekk 6 røyster ( 2 Frp, 3 H og 1 R) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å framforhandle avtale med Fjell kommune om kjøp av tomt 45 - *Stovevatnet* som tomt for Nye Sotra vidaregåande skule.
2. Framforhandla avtale vil bli lagt fram for fylkestinget for godkjenning.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet – 20.09.2018

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Utvalget tar rådmannens innstilling til etterretning og gir støtte til å inngå forhandlinger med Fjell kommune for tomt 45.

Finner rådmannen grunnlag for å forhandle videre med tomt 41, gir utvalget fylkesrådmannen tilslutning til dette.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av A, Krf, Sp og SV fram slikt forslag (a):

«Tilleggs punkt:

Om det syner seg at det vert store og uføresette forseinkingar på Stovevatnet som gjer at tomten ikkje lenge vert rekna som aktuell går fylkestinget inn for at alternativ Fjell rådhus aust tomt 46 vert vurdert, då dette vert sett på som det nest beste alternativet.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag (b):

«Tilleggs punkt:

-Namnet på den vidaregåande skulen skal vera «Øygarden vidaregåande skule.»

Oen sitt forslag (b) vart endra til oversendingsforslag til utval for opplæring og helse.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Tillegg til pkt.1 frå Stenseide:

Fylkestinget føreset at skulen vert bygd i henhold til vedteken skulebruksplan.»

### Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 6 røyster ( H, Frp og Uav) og fall.

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og Uav).

Oen sitt forslag (a) vart vedteke med 9 (A, Sp, Krf, SV og V) røyster som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å framforhandle avtale med Fjell kommune om kjøp av tomt 45 - *Stovevatnet* som tomt for Nye Sotra vidaregåande skule.
2. Framforhandla avtale vil bli lagt fram for fylkestinget for godkjenning.
3. Fylkestinget føreset at skulen vert bygd i henhold til vedteken skulebruksplan.
4. Om det syner seg at det vert store og uføresette forseinkingar på Stovevatnet som gjer at tomten ikkje lenge vert rekna som aktuell går fylkestinget inn for at alternativ Fjell rådhus aust tomt 46 vert vurdert, då dette vert sett på som det nest beste alternativet.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

**Rosalind Fosse (Frp)** sette fram slikt forslag:

- «1. Fylkestinget tar rådmannens innstilling til etterretning og gir støtte til å inngå forhandlinger med Fjell kommune for tomt 45.
2. Finner rådmannen grunnlag for å forhandle videre med tomt 41, gir fylkestinget fylkesrådmannen tilslutning til dette.»

Det var 56 representantar til stades.

### **Røysting**

Innstillinga pkt.1 vart vedteke med 36 røyster (A, Krf, SP, SV, V, R og MDG) mot 20 røyster (H, Frp og Uav) for Fosse sitt forslag pkt.1.

Innstillinga pkt.2 og pkt.3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga pkt.4 fekk 36 røyster (A, Krf, SP, SV, V, R og MDG) og vart vedteken.

Fosse sitt forslag pkt.2 fekk 20 røyster (H, Frp og Uav) og fall.

### **Vedtak**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å framforhandle avtale med Fjell kommune om kjøp av tomt 45 - *Stovevatnet* som tomt for Nye Sotra vidaregåande skule.
2. Framforhandla avtale vil bli lagt fram for fylkestinget for godkjenning.
3. Fylkestinget føreset at skulen vert bygd i henhold til vedteken skulebruksplan.
4. Om det syner seg at det vert store og uføresette forseinkingar på Stovevatnet som gjer at tomten ikkje lenge vert rekna som aktuell går fylkestinget inn for at alternativ Fjell rådhus aust tomt 46 vert vurdert, då dette vert sett på som det nest beste alternativet.

## **PS 87/18 Satsing for betre psykisk helse for elevane i vidaregåande skule - evaluering av Psykologteamet i Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

- 1 For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse vert Psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenga ut 2019.
- 2 Psykologteamet skal liggja under den fylkeskommunale PP-tenesta med kontorplass på ulike skular og lokale PPT - kontor. Dette for å ivareta alle skulane i fylket, samt sikre godt samarbeid med skulehelsetenesta.
- 3 Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert, og alle skular i HFK skal kunna nytta seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på systemretta arbeid på skulane, og arbeidet teamet gjer skal forankrast i leiinga på den einstilte skule.
- 4 Psykologteamet skal også arbeida individretta med samtalar med elevar, og rettleia skulane i arbeidet med elevane.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 04.09.2018**

**Jeanette Syversen ( R )** sette fram slikt forslag:

«Nytt forslag til punkt 4 i innstillinga:

For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse blir psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenga med (faste stillingar) permanent ansettelse.»

**Tor Andre Ljosland (Krf) og Aleksander Fosse Andersen (Sp)** sette på vegner av KrF, Sp, A og Sv fram slikt forslag:

«Endringsframlegg:

- Punkt 1: Stryk «ut 2019»

- Punkt 3:

Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert og alle skular i Hordaland fylkeskommune skal kunna nytte seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på individretta arbeid med samtalar med elevar og rettleia skulane i arbeidet med elevane.

- Punkt 4:

Psykologteamet skal i tillegg kunne arbeida systembasert. Dette arbeidet skal forankrast i leiinga på den einstilte skule.»

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonsutvalet:

« Nytt forslag til punkt 4 i innstillinga:

For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse blir psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlengt med (faste stillingar) permanent ansettelse.»

### **Røysting**

Jeanette Syversen sitt forslag vart med røystene til R, Krf; A, MDG, SV og Sp (9 røyster) vedteke oversendt på vegne av forslagsstillar utan realitetsbehandling.

### **Røysting**

Jeanette Syversen sitt forslag fekk 2 røyster (R og SV) og fall.

Tor Andre Ljosland og Aleksander Fosse Andersen sitt forslag blei vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røster (Frp, H og V).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

- 1 For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse vert Psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlengt.
- 2 Psykologteamet skal liggja under den fylkeskommunale PP-tenesta med kontorplass på ulike skular og lokale PPT - kontor. Dette for å ivareta alle skulane i fylket, samt sikre godt samarbeid med skulehelsetenesta.
- 3 Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert og alle skular i HFK skal kunna nytta seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på individretta arbeid med samtalar med elevar og rettleia skulane i arbeidet med elevane.
- 4 Psykologteamet skal i tillegg kunne arbeida systembasert. Dette arbeidet skal forankrast i leiinga på den einstilte skule.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018**

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

1. For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse vert Psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlengt ut 2019.
2. Psykologteamet skal liggja under den fylkeskommunale PP-tenesta med kontorplass på ulike skular og lokale PPT - kontor. Dette for å ivareta alle skulane i fylket, samt sikre godt samarbeid med skulehelsetenesta.
3. Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert, og alle skular i HFK skal kunna nytta seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på systemretta arbeid på skulane, og arbeidet teamet gjer skal forankrast i leiinga på den einstilte skule.

4. Psykologteamet skal også arbeida individretta med samtalar med elevar, og rettleia skulane i arbeidet med elevane.

### **Røysting**

Røsvik Strømme sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp og V) og fall.

Innstillinga fekk 9 røyster (A, Sp, Krf, SV og Uav) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse vert Psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenga.
2. Psykologteamet skal liggja under den fylkeskommunale PP-tenesta med kontorplass på ulike skular og lokale PPT - kontor. Dette for å ivareta alle skulane i fylket, samt sikre godt samarbeid med skulehelsetenesta.
3. Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert og alle skular i HFK skal kunna nytta seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på individretta arbeid med samtalar med elevar og rettleia skulane i arbeidet med elevane.
4. Psykologteamet skal i tillegg kunne arbeida systembasert. Dette arbeidet skal forankrast i leiinga på den einskilde skule.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

**Dan Femoen (H)** sette på vegner av H og Frp fram følgjande forslag:

1. For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse vert Psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenga ut 2019.
2. Psykologteamet skal liggja under den fylkeskommunale PP-tenesta med kontorplass på ulike skular og lokale PPT - kontor. Dette for å ivareta alle skulane i fylket, samt sikre godt samarbeid medskulehelsetenesta.
3. Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert, og alle skular i HFK skal kunna nytta seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på systemretta arbeid på skulane, og arbeidet teamet gjer skal forankrast i leiinga på den einskilde skule.
4. Psykologteamet skal også arbeida individretta med samtalar med elevar, og rettleia skulane i arbeidet med elevane.

**Emil Gadolin (A)** sette på vegner A, Krf, Sp og SV fram følgjande alternativ forslag til pkt.2:

«Alternativ til pkt.2.

Psykologteamet skal liggja under den fylkeskommunale PP-tenesta med kontorplass på ulike skular. Teamet skal opplevast som tilgjengeleg for elevane og ivareta alle skulane i fylket, samt sikre godt samarbeid med skulehelsetenesta.»

Det var 56 representantar til stades.

### **Røysting**

Femoen sitt forslag fekk 22 røyster (H, Frp og V) og fall.

Innstillinga pkt.1, 3 og 4 fekk 34 røyster (A, Krf, Sp, SV, R, MDG og Uav) og vart vedtekne.

Innstillinga pkt.2 fekk ingen røyster og fall.

Gadolin sitt forslag pkt.2 fekk 49 røyster (A, Krf, Sp, SV, V, R, MDG, Uav og H) og vart vedteke.

### **Vedtak**

1. For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse vert Psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenga.

2. Psykologteamet skal liggja under den fylkeskommunale PP-tenesta med kontorplass på ulike skular. Teamet skal opplevast som tilgjengeleg for elevane og ivareta alle skulane i fylket, samt sikre godt samarbeid med skulehelsetenesta.
3. Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert og alle skular i HFK skal kunna nytta seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på individretta arbeid med samtalar med elevar og rettleia skulane i arbeidet med elevane.
4. Psykologteamet skal i tillegg kunne arbeida systembasert. Dette arbeidet skal forankrast i leiinga på den ein skilde skule.

## **PS 88/18 Revidering av vedtekter for styret for Fagskolen i Hordaland og fastsetting av kompensasjon**

### **Forslag til vedtak**

1. Reviderte styrevedtekter for styret for Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det går fram av saka og erstattar vedtekter av 23.02.2017.
2. Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune gjeld også for styret for Fagskolen i Hordaland sine medlemar i høve til møtegodtgjersle (punkt 4.2), tappt arbeidsforteneste og utgifter (kap 5.), og oppgjersrutinar (kap. 10).

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Det var 56 representantar til stades.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Reviderte styrevedtekter for styret for Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det går fram av saka og erstattar vedtekter av 23.02.2017.
2. Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune gjeld også for styret for Fagskolen i Hordaland sine medlemar i høve til møtegodtgjersle (punkt 4.2), tappt arbeidsforteneste og utgifter (kap 5.), og oppgjersrutinar (kap. 10).

## **PS 89/18 Nytt val av medlemmer til styret for Fagskolen i Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget gjer slike val av medlemmar og varamedlemmar som representerer regionalt arbeidsliv til styret for Fagskolen i Hordaland:

#### **Forslag frå fylkesrådmannen til valnemnda på medlemmar (arbeidslivsrepresentantar)**

1. Anne Mette Koch (arbeidslivsrepresentant)
2. Trond Sanne Haga (arbeidslivsrepresentant)

#### **Varamedlem**

1. Aslaug Hellesøy (arbeidslivsrepresentant)

2. Fylkestinget gjer slike val av medlemmar og varamedlemar etter innstilling frå valnemnda:

**Medlemar (eigarrepresentantar)**

- 1.
- 2.
- 3.

**Varamedlemar**

- 1.
- 2.

3. Fylkestinget vel etter innstilling frå valnemnda følgjande som:  
Leiar:  
Nestleiar:
4. Representantar for tilsette og studentar vert valt i tråd med vedtektene for styret for Fagskolen i Hordaland (§ 1-2).

**Saksprotokoll i Valnemnda - 02.10.2018**

Valnemnda gjorde framlegg om følgjande representantar (arbeidslivsrepresentantar) som medlemmar til styret for Fagskolen i Hordaland:

1. Anne Mette Koch (arbeidslivsrepresentant)
2. Trond Sanne Haga (arbeidslivsrepresentant)

Varamedlem:

1. Aslaug Hellesøy (arbeidslivsrepresentant)

Valnemnda gjorde framlegg om følgjande representantar (eigarrepresentantar) som medlemmar til styret for Fagskolen i Hordaland:

1. Roald Kvamme, A (leiar)
2. Sara H. Sekkingstad, Sp (nestleiar)
3. John Helge Gullaksen, H

Valnemnda gjorde framlegg om følgjande representantar (eigarrepresentantar) som varamedlemmar til styret for Fagskolen i Hordaland:

1. Aleksander Fosse Andersen, SP
2. Rosalind Fosse, FrP

**Røysting**

Valnemnda sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Medlemmar (arbeidslivsrepresentantar) til styret for Fagskolen i Hordaland:

- 1 Anne Mette Koch
- 2 Trond Sanne Haga

Varamedlem:

Aslaug Hellesøy

Medlemmar (eigarrepresentantar) til styret for Fagskolen i Hordaland:

1. Roald Kvamme, A (leiar)



2. Sara H. Sekkingstad, Sp (nestleiar)
3. John Helge Gullaksen, H

Varamedlemmer (eigarrepresentantar) til styret for Fagskolen i Hordaland:

1. Aleksander Fosse Andersen, SP
2. Rosalind Fosse, FrP

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

#### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Medlemmar (arbeidslivsrepresentantar) til styret for Fagskolen i Hordaland:

- 1 Anne Mette Koch
- 2 Trond Sanne Haga

Varamedlem:

Aslaug Hellesøy

Medlemmar (eigarrepresentantar) til styret for Fagskolen i Hordaland:

1. Roald Kvamme, A (leiar)
2. Sara H. Sekkingstad, Sp (nestleiar)
3. John Helge Gullaksen, H

Varamedlemmar (eigarrepresentantar) til styret for Fagskolen i Hordaland:

1. Aleksander Fosse Andersen, SP
2. Rosalind Fosse, FrP

### **PS 90/18 Retningslinjer for folkevalde som ønskjer å varsle om kritikkverdige tilhøve i Hordaland fylkeskommune**

#### **Forslag til innstilling**

Utkast til retningslinjer for folkevalde som ønskjer å varsle om kritikkverdige tilhøve i Hordaland vert gjort gjeldande som rutine i Hordaland fylkeskommune

#### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 06.09.2018**

**Pål Kårbø (UAH)** sette frem slikt forslag på vegne av UAH, A, H, Frp, LO-K, YS-K, UNIO og AKAD:

«Administrasjonsutvalet tek saka til orientering.»

#### **Røysting**

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018**

**Pål Kårbø (Uav)** sett fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Utkast til retningslinjer for folkevalde som ønskjer å varsle om kritikkverdige tilhøve i Hordaland vert gjort gjeldande som rutine i Hordaland fylkeskommune, med unnatak av pkt 3 under varslingsvegar gjennom instituttet interpellasjon.»

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.  
Kårbø sitt oversendingsforslag vart samrøystes oversendt på vegne av forslagstillaren utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

**Anne Gine Hestetun (A)** sette fram slikt forslag:

«Utkast til retningslinjer for folkevalde som ønskjer å varsle om kritikkverdige tilhøve i Hordaland vert gjort gjeldande som rutine i Hordaland fylkeskommune»

**Øyvind Strømmen (MDG)** sette på vegne av MDG og H slikt forslag:

«Tilleggspunkt.  
Fylkestinget ber om at det vert lagt fram ei sak om oppretting av ein ekstern varslingskanal utanfor den fylkeskommunale administrasjonen, som skal gjelde for både folkevalde, tilsette og innbyggjarar. Det skal være mogleg å varsle anonymt.»

### **Røysting**

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.  
Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Strømmen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utkast til retningslinjer for folkevalde som ønskjer å varsle om kritikkverdige tilhøve i Hordaland vert gjort gjeldande som rutine i Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget ber om at det vert lagt fram ei sak om oppretting av ein ekstern varslingskanal utanfor den fylkeskommunale administrasjonen, som skal gjelde for både folkevalde, tilsette og innbyggjarar. Det skal være mogleg å varsle anonymt.

## **PS 91/18 Nytt fylkeshus - rom- og funksjonsprogram**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner rom- og funksjonsprogrammet som er lagt fram.

### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 06.09.2018**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget godkjenner rom- og funksjonsprogrammet som er lagt fram.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner rom- og funksjonsprogrammet som er lagt fram.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt utsetjingsforslag:

«Hordaland fylkesting går inn for å utsetje saka til Stortinget har avklara kva meiroppgåver, auka ressursar og stillingar som eventuelt blir overført til Hordand og Sogn og Fjordane.

Då kan Hordaland fylkeskommunen betre dimensjonere og prosjektere nytt fylkeshus.»

### **Røysting** (til utsetjing)

Det var 56 representantar tilstades.

Kollbotn sitt forslag fekk ei røyst (R) og fall.

### **Røysting** (til saka)

Innstillinga vart vedteken mot ei røyst (R).

### **Vedtak**

Fylkestinget godkjenner rom- og funksjonsprogrammet som er lagt fram.

## **PS 92/18 Kystpilegrimsleia over ei ein ny fase - utgreiing av fast organisering av Kystpilegrimsleia og avslutting som prosjekt - Løyving av kr 100.000 - Avtale med Nasjonalt Pilegrimssenter - Oppnemning av politisk representasjon til styringsgruppa**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet løyver kr 100.000 som regional medfinansiering til «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase» frå utvalet sin rådveldekonto.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til at Hordaland fylkeskommune, som koordinerande fylke, utformar og inngår ei samarbeidsavtale med Nasjonalt Pilegrimssenter om prosjektleiing.
3. Fylkestinget nemnar opp følgjande representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase»:

Namn: \_\_\_\_\_ (fast representant)

Namn: \_\_\_\_\_ (vara)

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.09.2018**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 3:

Val av representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia» går til valnemnda».

## Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1-2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet løyver kr 100.000 som regional medfinansiering til «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase» frå utvalet sin rådveldekonto.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til at Hordaland fylkeskommune, som koordinerande fylke, utformar og inngår ei samarbeidsavtale med Nasjonalt Pilegrimssenter om prosjektleiing.
3. Val av representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia» går til valnemnda.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018

## Røysting

Innstillinga pkt.1 og 2 vart samrøystes vedteke.  
Pkt. 3 vart ikkje røysta over, då valnemnda innstiller til fylkestinget.

## Vedtak

1. Fylkesutvalet løyver kr 100.000 som regional medfinansiering til «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase» frå utvalet sin rådveldekonto
2. Fylkesutvalet sluttar seg til at Hordaland fylkeskommune, som koordinerande fylke, utformar og inngår ei samarbeidsavtale med Nasjonalt Pilegrimssenter om prosjektleiing.

### Saksprotokoll i Valnemnda - 02.10.2018

**Kari Sørensen Bernadini (A)** gjorde framlegg om Beate Husa (KrF) som fast representant til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase».

**Kari Sørensen Bernadini (A)** gjorde framlegg om May Eva Sandvik (H) som vararepresentant til styringsgruppa for Kystpilegrimsleia over i ein ny fase»

## Røysting

Kari Sørensen Bernadini sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

3. Fylkestinget nemnar opp følgjande representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase»:

Namn: Beate Husa (Krf) som fast representant

Namn: May Eva Sandvik (H) som vararepresentant

### Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018

## Røysting

Det var 56 representantar tilstades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

Fylkestinget nemnar opp følgjande representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase»:

Namn: Beate Husa (Krf) som fast representant.

Namn: May Eva Sandvik (H) som vararepresentant.

## PS 93/18 Aksjonærinvitasjon til Hordfast AS - Organisering av store samferdselsprosjekt i Hordaland

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje å kjøpe aksjar i Hordfast AS no. Kjøp av aksjar må sjåast i samheng med korleis partssamarbeidet for påverknad i forhold til store samferdselsprosjekt vert organisert. Kjøp av aksjar krev også at det offentlege har fleirtal i selskapet.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel.

### Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

**Marthe Hammer, SV**, sette fram slikt forslag:

«Endring:

Opprettholder fylkesrådmannens innstilling, men stryk siste setning punkt 1.»

**Gustav Bahus, Frp**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hordaland fylkeskommune ser betydninga av sterk og samla støtte bak E39- Hordfast frå næringslivet og deira organisasjonar. Hordaland fylkeskommune ønskjer å følgje opp arbeidet i det partssamansatte NTP-utvalet . Her deltok også NHO, LO og Bergen Næringsråd forutan Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Utvalet leverte eit felles høyringssvar og prioriteringar før stortingshandsaminga av NTP. No står ein framfor iverksetting av dei prioriteringane utvalet føretok.

Selskapet Hordfast AS har ein rolle som pådrivar- og kommunikasjonsselskap. Ein har opp gjennom tida sett at slike pådrivar selskap har synt seg heilt naudsynt for å sikra framdrift og vinna fram i prioriteringane hos sentrale myndigheiter. Selskapet Hordfast har eit bredt offentleg- og privat eigarskap som uttrykker sterk og samla vilje til ein snarleg realisering av prosjektet.

2. Hordaland fylkeskommune ønskjer å være med å støtta opp om dette arbeidet og går inn for å kjøpe 5 aksjar i Hordfast AS no. Kjøpet av aksjar må sjåast i samheng med at ein ønskjer å vidareutvikla partssamarbeidet for påverknad i forhold til store samferdselsprosjekt i Hordaland.

3. Fylkestinget er einig i at det kan vera interessant å sjå på modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa prioriterte prosjekt til raskare realisering.

Fylkestinget ber derfor fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen, A**, sette på vegner av A, Sp, Krf og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget syner til innspelsdokumentet til Nasjonal Transportplan som vart utarbeida i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune (koallisjon og opposisjon), Bergen kommune,

LO/NHO og Bergen næringsråd. Her er dei viktigaste samferdsleprosjekta i vårt fylke omtalt i uprioritert rekkjefølge og det er ein felles målsetting at desse skal gjennomførast og følgast opp i NTP perioden.

2. Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekter. Når dette arbeidet er slutført kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarselskap eller andre typer selskap knytt til einskildprosjekter. Fylkestinget vil difor ikkje ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.
3. Fylkestinget er samde i at det kan vere interessant å sjå på ulike modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa naudsynte samferdselprosjekt til raskare realisering.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel, seinast mars 2019.»

## Røysting

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 første og andre setning fekk to røyster (SV og MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 tredje setning fekk ingen røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk to røyster (SV og MDG) og fall.

Bahus sitt forslag fekk to røyster (Frp) og fall.

Rasmussen sitt forslag punkt 1 fekk 10 røyster (3 A, Sp, Krf, H, V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag punkt 2 fekk 10 røyster (3 A, Sp, Krf, H, V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag punkt 3 fekk 11 røyster (3 A, Sp, Krf, H, V og MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag punkt 4 fekk 12 røyster (3 A, Sp, Krf, H, V, MDG og SV) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget syner til innspelsdokumentet til Nasjonal Transportplan som vart utarbeida i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune (koalisjon og opposisjon), Bergen kommune, LO/NHO og Bergen næringsråd. Her er dei viktigaste samferdsleprosjekta i vårt fylke omtalt i uprioritert rekkjefølge og det er ein felles målsetting at desse skal gjennomførast og følgast opp i NTP perioden.

2. Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekter. Når dette arbeidet er slutført kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarselskap eller andre typer selskap knytt til einskildprosjekter. Fylkestinget vil difor ikkje ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.

3. Fylkestinget er samde i at det kan vere interessant å sjå på ulike modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa naudsynte samferdselprosjekt til raskare realisering.

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel, seinast mars 2019

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og Frp fram slikt forslag:

Alternativ:

«Fylkesrådmannen si innstilling minus siste setning i pkt.1.»

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt:

Pkt.3.

Hordaland Fylkeskommune vil komme tilbake til kjøp av aksjer i Hordfast eller annen organisering etter sak om organisering for det fremtidige partssamarbeidet er politisk behandlet.»

### **Røysting**

Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV og Frp) og fall.

Stenseide sitt forslag fekk 2 røyster(Frp) og fall.

Innstillinga pkt 1-3 vart vedteken mot 3 røyster (Frp og Sv) som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga pkt. 4 vart vedteken mot 2 røyster(Frp) som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1.Fylkestinget syner til innspelsdokumentet til Nasjonal Transportplan som vart utarbeida i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune (koalisjon og opposisjon), Bergen kommune, LO/NHO og Bergen næringsråd. Her er dei viktigaste samferdsleprosjekta i vårt fylke omtalt i uprioritert rekkjefølge og det er ein felles målsetting at desse skal gjennomførast og følgast opp i NTP perioden.

2.Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekter. Når dette arbeidet er slutført kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarselskap eller andre typer selskap knytt til einskildprosjekter. Fylkestinget vil difor ikkje ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.

3.Fylkestinget er samde i at det kan vere interessant å sjå på ulike modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa naudsynte samferdselprosjekt til raskare realisering.

4.Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel, seinast mars 2019

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Svein Halleraker (H) stilte spørsmål om han var inhabil.

Halleraker gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Svein Halleraker ikkje var inhabil.

Svein Halleraker tiltredde behandlinga.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste fylkesting»

### **Røysting** ( til utsetjing)

Det var 56 representantar tilstades.

Bjørkly sitt forslag fekk 22 røyster ( H, Frp, V og Uav) og fall.

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

Alternativ:

1. «Fylkestinget i Hordaland ser det som viktig med ei samordning av arbeidet for gjennomføring av E39 - Hordfast frå fylkeskommunen, kommunar og partane i næringslivet. Selskapet Hordfast AS har ei slik rolle som pådrivar- og kommunikasjonsselskap. Ein har tidlegare sett at slike pådrivarselskap har synt seg naudsynt for å sikre framdrift og vinna fram i prioriteringane hos sentrale mynde. Fylkestinget i Hordaland ønskjer difor å være med i dette arbeidet og vedtek å kjøpe 5 aksjar i Hordfast AS.
2. Fylkestinget meiner det er rett å sjå på modellar for hensiktsmessig samordning som kan bringa prioriterte prosjekt til raskare realisering. Fylkestinget ber derfor fylkesrådmannen om å fremje sak om organisering av framtidige partssamarbeidet for samferdsel.»

**Natalia Golis (MDG)** sette på vegne av MDG og SV fram slikt forslag:

Alternativ.

«1. Fylkestinget takkar nei til invitasjon om å kjøpa aksjar i påverknadsselskapet Hordfast AS.

2. Fylkestinget vurderer samstundes prosjektet som i motstrid til vedtekne klimamål både regionalt og nasjonal, og som ei gal prioritering i møte med store naudsynte investeringar knytt til både rassikring, kollektiv- og nullutsleppstransport og arbeid for betra luftkvalitet.

3. Fylkestinget merker seg at Hordfast AS jobbar for innkrevjing av førehandsbompengar. Fylkestinget er skeptisk til at trafikantar skal bli lasta med bompengar, kanskje i fleire tiår, for eit prosjekt med så uviss framtid.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt:

Pkt.3.

Hordaland Fylkeskommune vil komme tilbake til kjøp av aksjer i Hordfast eller annen organisering etter sak om organisering for det framtidige partssamarbeidet er politisk behandlet.»

**Røysting** (til saka)

Det var 56 representantar tilstades.

Golis sitt forslag fekk 7 røyster (1Krf, SV, R og MDG) og fall.

Ryssdal sitt forslag fekk 12 røyster (H) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 19 røyster (H og Frp) og fall.

Innstillinga pkt.1 til og med pkt.3 vart vedteken mot 6 røyster (MDG, SV og R).

Innstillinga pkt.4 vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget syner til innspelsdokumentet til Nasjonal Transportplan som vart utarbeida i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune (koalisjon og opposisjon), Bergen kommune, LO/NHO og Bergen næringsråd. Her er dei viktigaste samferdsleprosjekta i vårt fylke omtalt i uprioritert rekkjefølge og det er ein felles målsetting at desse skal gjennomførast og følgast opp i NTP perioden.
2. Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekter. Når dette arbeidet er sluttført kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarselskap eller andre typer selskap knytt til einskildprosjekter. Fylkestinget vil difor ikkje ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.
3. Fylkestinget er samde i at det kan vere interessant å sjå på ulike modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa naudsynte samferdsleprosjekt til raskare realisering.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel, seinast mars 2019.

## **PS 94/18 Selskapsavtale Vigo IKS**

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget vedtek framlegg til ny selskapsavtale for Vigo IKS.

**Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 04.09.2018**



Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget vedtek framlegg til ny selskapsavtale for Vigo IKS.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018**

Saka vart trekt

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

Saka trekt i fylkesutvalet.

## **PS 95/18 Nyval til verv som medlem i fylkestinget og medlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget gjer slike val:

Medlem i fylkestinget ved opprykk:.....

Medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling:.....

### **Saksprotokoll i Valnemnda - 02.10.2018**

**Kari Sørensen Bernadini (A)** gjorde framlegg om Ragnhild Hoff Eilertsen (A) som medlem i fylkestinget etter opprykk.

**Kari Sørensen Bernadini (A)** gjorde framlegg om Gro Berge (A) som medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling.

### **Røysting**

Kari Sørensen Bernadini sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Medlem i fylkestinget etter opprykk: Ragnhild Hoff Eilertsen.
2. Medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling: Gro Berge.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

### **Røysting**

Det var 56 representantar tilstades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Medlem i fylkestinget etter opprykk: Ragnhild Hoff Eilertsen.
2. Medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling: Gro Berge.

## **PS 96/18 Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Ingrid Handeland**

### **Forslag til innstilling**

1. Ingrid Handeland får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa i tida 01.08.2018 – 31.01.2019.
2. For den tida Ingrid Handeland har permisjon gjer fylkestinget slike val:
  - a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel:
  - b) Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa:
3. Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val:

### **Saksprotokoll i Valnemnda - 02.10.2018**

**Anne-Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag:

For den tida Ingrid Handeland har permisjon gjer fylkestinget slike val:

- a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel: Anne Marit Buer (V)
- b) Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa: Elizabeth Toft Erichsen (V)

Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val: Elizabeth Toft Erichsen (V)

### **Røysting**

Anne-Beth Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Ingrid Handeland får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa i tida 01.08.2018 – 31.01.2019.
2. For den tida Ingrid Handeland har permisjon gjer fylkestinget slike val:
  - a)Varamedlem til utval for miljø og samferdsel: Anne Marit Buer (V)
  - b)Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa: Elizabeth Toft Erichsen (V)
3. Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val: Elizabeth Toft Erichsen (V)

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.-03.10.2018**

Det var 56 representantar tilstades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Ingrid Handeland får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa i tida 01.08.2018 – 31.01.2019.
2. For den tida Ingrid Handeland har permisjon gjer fylkestinget slike val:

- a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel: Anne Marit Buer (V)
- b) Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa: Elizabeth Toft Erichsen (V)

3. Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val: Elizabeth Toft Erichsen (V)

## **PS 97/18 Søknad om permisjon frå verv i Hordaland fylkeskommune - Mari K. Kjellesvik**

### **Forslag til innstilling**

1. Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem av fylkesutvalet, for resten av denne valperioden 2015 - 2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:
  - Medlem til fylkesutvalet:

### **Saksprotokoll i Valnemnda - 02.10.2018**

**Kari Sørensen Bernadini (A)** gjorde framlegg om Synnøve Solbakken (A) som medlem til fylkesutvalet.

Som følgje av opprykk til fylkesutvalet for Synnøve Solbakken, vert nytt medlem av utval for miljø og samferdsel: Kari Foseid Aakre (A)

### **Røysting:**

Kari Sørensen Bernadini sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem av fylkesutvalet, for resten av denne valperioden 2015 - 2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:
  - Medlem til fylkesutvalet: Synnøve Solbakken (A)
  - Nytt medlem i utval for miljø og samferdsel som følgje av opprykk til fylkesutvalet for Synnøve Solbakken: Kari Foseid Aakre (A)

Mari K. Kjellesvik er medlem av fellesnemnda. Medlemmane av fellesnemnda består av medlemmane i fylkesutvala i dei to fylka. Når Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem i fylkesutvalet, vil ho som ein følgje av dette og få fritak som medlem i fellesnemnda.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

### **Røysting**

Det var 56 representantar tilstades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem av fylkesutvalet, for resten av denne valperioden 2015 – 2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:

- Medlem til fylkesutvalet: Synnøve Solbakken (A).
- Nytt medlem i utval for miljø og samferdsel som følgje av opprykk til fylkesutvalet for Synnøve Solbakken: Kari Foseid Aakre (A).

Mari K. Kjellesvik er medlem av fellesnemnda. Medlemmane av fellesnemnda består av medlemmane i fylkesutvala i dei to fylka. Når Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem i fylkesutvalet, vil ho som ein følgje av dette og få fritak som medlem i fellesnemnda.

## **PS 98/18 Søknad om fritak frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Ragnhild Hoff Eilertsen**

### **Forslag til innstilling**

Ragnhild Hoff Eilertsen får avslag på søknad om fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse.

### **Saksprotokoll i Valnemnda - 02.10.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

Ragnhild Hoff Eilertsen får avslag på søknad om fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

#### **Røysting**

Det var 56 representantar tilstades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

Ragnhild Hoff Eilertsen får avslag på søknad om fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse.

## **PS 99/18 Søknad om fritak frå verv som medlem i Omstillingsutvalet**

### **Forslag til innstilling**

1. Mona Røsvik Strømme får fritak frå vevet som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:.....

### **Saksprotokoll i Valnemnda - 02.10.2018**

**Mona Røsvik Strømme (H)** gjorde framlegg om Silja Ekeland Bjørkly som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland.

#### **Røysting**

Mona Røsvik Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Mona Røsvik Strømme får fritak frå vevet som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val: Silja Ekeland Bjørkly.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018**

#### **Røysting**

Det var 56 representantar tilstades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Mona Røsvik Strømme får fritak frå vevet som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val: Silja Ekeland Bjørkly.

### **PS 100/18 Flytting av bomstasjon Miljøløftet**

#### **Forslag til vedtak**

1. Fylkestinget vedtek at bomstasjonen i Grimseidvegen vert flytta til Skagevegen.
2. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet arbeide vidare med avbøtande tiltak for å redusere trafikkauken som følgje av flytting av bomstasjonen til Skagevegen.

### **Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 02.10.2018**

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget tek saka til orientering»

#### **Røysting**

Framnes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmann sitt forslag pkt. 1-2 fekk 13 røyster (A, SP, KRF, SV, Uav, V og H) mot 2 røyster (FRP) og blei vedteke som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek at bomstasjonen i Grimseidvegen vert flytta til Skagevegen.
2. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet arbeide vidare med avbøtande tiltak for å redusere trafikkauken som følgje av flytting av bomstasjonen til Skagevegen.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 3.10.2018**

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget tek saka til orientering»

#### **Røysting**

Det var 56 representantar tilstades.

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp) og fall.  
Innstillinga vart vedteken med 49 røyster (A, Krf, Sp, SV, V, MDG, R, Uav, H).

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget vedtek at bomstasjonen i Grimseidvegen vert flytta til Skagevegen.
2. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet arbeide vidare med avbøtande tiltak for å redusere trafikkauken som følgje av flytting av bomstasjonen til Skagevegen.